



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Presseinformasjon 2014



Fylkesmannen med vellukka aksjon mot lakseparasitt i Rauma. FOTO: Dag Karlsen

***Eit informasjonsdokument utarbeidd for media
og utdelt i samband med Fylkesmannen i Møre og
Romsdal sin pressekonferanse 7. januar 2014.***

Utgitt av Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Dokument ferdigstilt 3.01.2014

Redaktør: **Vidar R. Myklebust**

Ansvarleg redaktør : **Lodve Solholm**

Kontaktpersonar:

Vidar Ryther Myklebust, kommunikasjonsrådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal,
tlf 71 25 84 19 / 918 28 322 epost: vidar.myklebust@fylkesmannen.no

For meir informasjon sjå: <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/>

Dette dokumentet er utarbeidd til bruk for presse og media. Dokumentet inneheld oversikt over dei viktigaste sakene og saksområda som Fylkesmannen i Møre og Romsdal har handsama i 2013, samt oversikt over satsingsområder og saker som vil ha særskild fokus i 2014. Sakene er delt inn i etter fagområde. Under kvart tema er det oppgitt kontaktperson som journalistar og andre kan kontakte for meir utfyllande opplysningar og kommentarar. Dokumentet inneheld også generell informasjon om Fylkesmannen i Møre og Romsdal, slik at ein raskt kan få oversikt over Fylkesmannens mandat og oppgåver i samfunnet, og kva som skil Fylkesmannen frå andre offentlige organ.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal håpar og trur dokumentet vil vere til god nytte for media gjennom heile 2014. For utfyllande informasjon, opplysningar om sakshandsaming, tilsette, documentsøk og aktuelle nyheiter om Fylkesmannen i Møre og Romsdal, sjå vår nye nettside: www.fylkesmannen.no

Innhold

Eit jubileumsår med mange kommunebesøk.....	3
Justis- og beredskapsavdelinga	7
Planlegging	24
Miljøvernavdelinga.....	30
Landbruksavdelinga.....	42
Oppvekst- og utdanningsavdelinga.....	54
Helse- og sosialavdelinga	66
Administrasjonsavdelinga	83

Eit jubileumsår med mange kommunebesøk

2014 er eit jubileumsår. Vi skal feire at Grunnlova vår er 200 år. Fylkesmannen har ei medspelarrolle i denne feiringa. Sjølv vil eg besøkje fire grunnskular i fylket – ein på Nordmøre, ein i Romsdal, ein på nordre Sunnmøre og ein på søre Sunnmøre. Der skal eg halde ei førelesning om Grunnlova og demokrati for barn og unge. Med andre ord skal eg prøve meg i min gamle profesjon som lærar. Dette som ein del i den store tverrfaglege satsinga vår på «betre oppvekst». Det gler eg meg til.

Eg gler meg og til at vi i Møre og Romsdal får besøk av Kongeparet i 2014.

Som de er kjent med så har vi hatt ei resursgruppe i høve dei tragiske hendingane i Regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011. Vi har no teke dette eit steg vidare, med at vi i 2014 skal starte opp eit nettverk for kriseteam. Dette nettverket skal bestå av alle leiarane i dei kommunale kriseteama. Dette nettverket vil og ta over den rolla som resursgruppa har hatt.



Lodve Solholm

Ny Regjering har blant anna signalisert at ein vil arbeide med kommunestrukturen, og i dette arbeidet vil Fylkesmannen få ei rolle. Kva dette går ut på, og kva rolle vi får er ikkje heilt klart enno. I Møre og Romsdal har vi 255 interkommunale samarbeidsordningar. Ein modningsprosess må til for å tenkje gjennom kva som er den beste form for samarbeid, meir interkommunalt samarbeid – tilfelle ja, i kva form – vertskommune modell – samkommune – eller kommunesamanslåing. Vi vil derfor ta initiativet til å lage ein Tenketank for kommunane, kor nettopp kommunestruktur blir tema.

Nok ein gong har vi sett att at når ulukka råkar ein kommune – raset i Todalen -så handlar ein rett, og samhandlinga mellom ymse etatar verkar som dei skal. Eg vil gje ros til alle som deltok. Særleg har eg lyst til å framheve alle enkeltmenneska som nok eingong viste at vi har innebygd den viktigaste beredskapen, nemleg evna til å vere det gode medmenneske som bryr seg når nokon vert råka. Det er godt å sjå at vi framleis har den evna.

I 2013 starta vi opp ein turne, der alle kommunane skal få besøk av Fylkesmannen før kommunevalet i 2015. Vi skal møte formannskapa, samt den administrative leiinga i kommunane, og set av fem timar i kvar kommune.

Vi har så langt besøkt seks kommunar.

I 2014 skal vi besøkje 20 kommunar, då står det att 10 kommunar som skal besøkjast våren 2015.

Vi ser alt no etter at vi har besøkt 6 kommunar at dialogen mellom Fylkesmannen og kommunen har blitt betre, og det gir også kommunane uttrykk for.

Så får vi vone at vi lukkast i arbeidet med å vere den medspelaren vi ønskjer å vere, slik at vi i fellesskap med alle andre aktørar, kan skape eit Møre og Romsdal som vi alle er stolte av.

Lodve Solholm

fylkesmann

Om Lodve Solholm:

Lodve Solholm er født 1949 i Vestnes. Solholm blei fylkesmann i oktober 2009. Solholm er utdanna lærar. Han blei vald inn på Stortinget for Framstegspartiet i Møre og Romsdal og var der til saman 16 år i periodane 1989–1993 og 1997–2009. Solholm var medlem av ulike politiske utval frå 1977. Han var president i Lagtinget frå 2001 til 2005.

Lodve Solholm har desse verva:

Styremedlem Sameiet Gideonvegen, Molde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter. Lodve Solholm er fylkesmann i Møre og Romsdal. Assisterande fylkesmann er Rigmor Brøste.



Lodve Solholm

Fylkesmannen utfører ulike forvaltningsoppgåver på vegner av departementa. Fylkesmannen kontrollerer også verksemda i kommunane og er klageinstans for mange kommunale vedtak.

Oppgåvene er grovt sett tredelte:

- å setje i verk Regjeringa/Stortinget sin politikk ute i kommunane/fylkeskommunen
- å samordne staten sin politikk/verksemd mot kommunane
- å passe på at innbyggjarane får den rettstryggleiken dei har krav på



Rigmor Brøste

Alle oppgåvene er i det vesentlege retta mot kommunane i fylket:

- formidling av statlege styringssignal
- fordeling av statlege tilskotsordningar
- klagesaksbehandling over kommunale og fylkeskommunale vedtak etter div. særlover
- tilsyn etter div. særlover

Fylkesmannen har oppgåver innanfor fleire fag- og forvaltningsområde

- miljø
- landbruk
- oppvekst og utdanning
- helse og sosial
- samfunnstryggleik og beredskap
- klagesaksbehandling
- kommunal organisering, planlegging og tenesteyting
- Fylkesmannen har òg oppgåver for Kongehuset.

Fylkesmannsinstruksen har meir om oppgåvene til embetet

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/fad/dokument/proposisjonar-og-meldingar/Odelstingsproposisjonar/20002001/otprp-nr-84-2000-2001-.html?id=123802>

Verdiar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har som sin visjon: **Ei trygg framtid for folk og natur.**

Fylkesmannens kjerneverdiar er: **rettferdig, kompetent, open og engasjert.**

Organisasjon:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har 135 tilsette og er lokalisert i Fylkeshuset i Molde. Fylkesmannsembetet er organisert i fem fagavdelingar og to stabseiningar. Dei fem fagavdelingane er:

- justis- og beredskapsavdelinga
- helse- og sosialavdelinga
- landbruksavdelinga
- miljøvernavdelinga
- oppvekst- og utdanningsavdelinga

Organisasjonskart:

Nytt organisasjonskart fra 01.01.2014 Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Treng du meir informasjon om Fylkesmannen i Møre og Romsdal?



Spør vår pressekontakt:

Kommunikasjonsrådgivar Vidar Ryther Myklebust

Tlf 71 25 84 19 / 918 28 322

vidar.myklebust@fylkesmannen.no

Justis- og beredskapsavdelinga



Leiar: Direktør Helge Mogstad, tlf 71258444/92642280

helge.mogstad@fylkesmannen.no

På vegne av fylkesmannen løyser Justis- og beredskapsavdelinga oppgåver for heile 10 departement. Felles for dei fleste av oppgåvene er at dei i ei eller anna form handlar om tryggleik, anten samfunnstryggleik, eller rettstryggleik for enkeltmenneske. Avdelinga fører tilsyn med den kommunale beredskapsplikta, og vi er klageinstans for ei rekkje kommunale vedtak. Etter kvart er vi og blitt ein stor førsteinstans, der arbeidet med verjemål er den største. Denne oppgåva overtok vi i 2013 frå dei kommunale overformynderia

I 2013 er det arbeidet med verjemål som har hatt størst fokus. Det er tilfredsstillande å sjå at reforma er i ferd med å få den tilsikta verknaden – å styrke rettstryggleiken til dei som ikkje fullt ut er i stand til ta i vare sine eigne interesser. Avdelinga har no 21 tilsette og har fått nytt namn frå 1.januar.

BEREDSKAP: Nye grep og ny kurs



Fylkesmann Lodve Solholm blir intervjuet av Gunnar Sandvik frå NRK under stormen Ivar. FOTO: Vidar R. Myklebust

Samfunnstryggleik og beredskap har aldri før hatt ein meir framtrødande plass i nasjonale politikk og i det offentlege ordskiftet enn no.

Fylkesmannen skal arbeide for at det i fylket finst eit felles, heilskapleg risiko- og sårbarheitsbilde og at kommunar og fagstyresmakter analyserer og handterer risiko og sårbarheit innanfor eigne ansvarsområde og i fellesskap.

Samfunnstryggleik og beredskap har aldri før hatt ein meir framtrudande plass i nasjonale politikk og i det offentlege ordskiftet. Medan 2011 vert hugsa for krisene og den store katastrofen, og 2012 var rettssaka, gjennomgangen, granskinga og ettertankens år, har 2013 vore prega av utgreiingsarbeid og forslag om nye grep og ny kurs for tunge beredskapsaktørar som Politiet, Sivilforsvaret, Heimevernet og brannvesena.



Ingen konklusjonar er førebels trekte, og fylkesmannen følgjer arbeidet med stor interesse og ein viss uro. I høyringsfråsegnene som vi har gitt, har vi slutta oss til mange av dei føreslåtte endringane. Men med eitt vesentleg unntak: Vi har vore gjennomgåande urolege dei nye distriktsgrensene som er føreslått – både for 110-sentralane og politidistrikta. Her meiner vi utgreiingane kjem til kort når det gjeld å vurdere kva som er føremålstenlege grenser for regionalt samarbeid om samfunnstryggleik og beredskap – ikkje berre innafor nødetatane åleine. Men også mellom nødetatane og kommunane, ulike fagstyresmakter og frivillige organisasjonar. Etter vår vurdering blir eit politidistrikt som strekkjer seg frå Larsnes i sør til Majavatn i nord for stort, rett og slett, og utan føresetnader for å vere den nøkkelaktøren som politiet bør vere – både lokalt i kommunane og i det regionale beredskapssamarbeidet. Per no er det nesten ingen andre beredskapsstyresmakter som har Midt-Noreg som geografisk arrondering. Det er eit generelt problem i statsforvaltninga at ulike etatar har fått trekt sine eigne grenser. Når det gjeld beredskap er det likevel slik at dei fleste styresmaktene og nær alle frivillige organisasjonar brukar fylkesgrensene, og vi kan vanskeleg sjå at det er ført gode argument for å tillate fleire avvik eller for at fylkesgrensene ikkje er føremålstenlege også for politiet og 110-sentralane.

Kontaktperson: Beredskapssjef Ketil Matvik Foldal, tlf. 71 25 84 83,
ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no

TRYGGLEIK: God kunnskap og medvit i kommunane

Hovudintrykket etter tilsyna i 2013 er at det i kommunane er høgt medvit og god kunnskap om kommunen sine plikter og ansvar ved ekstraordinære hendingar. Med få unntak er også pålagde beredskapsplanar på plass.

Kommunane sitt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i lokalsamfunnet vart formalisert gjennom sivilbeskyttelseslova som vart vedteken i 2010 og [forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) som kom i 2011. Gjennom forskrifta fekk også fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta.



Fylkesmannen førte i 2013 tilsyn med 10 kommunar: Volda, Ulstein, Sykkylven, Aukra, Ørsta, Giske, Sula, Sande, Eide og Stranda. I 2014 blir det tilsyn i 13 kommunar, og dei 13 siste kommunane får besøk i 2015.

Hovudintrykket etter tilsyna i 2013 er at det i kommunane er høgt medvit og god kunnskap om kommunen sine plikter og ansvar ved ekstraordinære hendingar. Med få unntak er også pålagde beredskapsplanar på plass. Størst forbetningspotensial er det når det gjeld utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalysar og heilskapleg, risikobasert arbeid – med klare samanhengar mellom lokalt risikobilde, overordna kommuneplanlegging, førebygging av risiko, beredskapsplanlegging og øving.

Det store bildet er om lag som venta – eller litt betre. All erfaring frå ekstraordinære hendingar dei siste åra stadfestar bildet av høgt medvit, god beredskap og handlekraft når ekstraordinære situasjonar oppstår. At fleire kommunar heng etter i «papirarbeidet» med risiko- og sårbarheitsanalysar er heller ikkje overraskande – det er på dette området den nye lova og forskrifta føresette mest nybrottsarbeid.

Alle kommunane som det vart ført tilsyn med i 2013 fekk eitt eller fleire avvik – definert som manglande oppfølging av pålegg gitt i lov eller forskrift. Fylkesmannen er likevel positivt overraska over at fleire av kommunane berre fekk små avvik – nærast på detaljar. Og dessutan: at dei kommunane som har noko meir å gå på, alle brukte tilsyna på ein offensiv måte – gjennom aktivt å bidra til at tilsyna fungerte som statuskartleggingar som dei sjølve kan bruke i eige forbetningsarbeid.

Tilsynsrapportane er tilgjengelege på fylkesmannen sin nettstad. Rapportane blir publiserte der etter kvart som dei er klare. Per 07.01.2014 er seks av ti rapportar publiserte. Dei fire siste (frå tilsyn gjennomført i november) kjem i løpet av januar.

Kontaktperson: Beredskapssjef Ketil Matvik Foldal, tlf. 71 25 84 83,
ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no

ROS: Risiko- og sårbarheitsanalyse ferdig 2014

Fylkesmannen og fylkeskommunen har i 2012 og 2013 samarbeidd om å gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Møre og Romsdal (FylkesROS-Møre og Romsdal).

Analysen skal vere grunnlag for ein regional delplan og inngå i prioriteringsgrunnlaget for kommunane og regionale styresmakter som har oppgåver og ansvar innanfor samfunnstryggleik og beredskap.



Første utgåva av FylkesROS- Møre og Romsdal blir ferdigstilt på nyåret i 2014. Samfunnskritiske infrastruktur og funksjonar som kraftforsyning, samferdsel, vatn- og avløp og trygge areal er sentrale analyseobjekt i første utgåva. I åra som kjem skal ROS-analysen kontinuerleg reviderast og utvidast med nye analysetema.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Stine Sætre, tlf. 71 25 85 85, stine.satre@fylkesmannen.no

KRISETEAM: Etablerer nettverk for psykososiale kriseteam

Kommunane sine psykososiale kriseteam er blant hjørnesteinane i den norske beredskapen. I alle hendingar der menneske er utsette for ekstraordinære påkjenningar har kriseteama ei rolle. Likevel var det først i juli 2011, i dagane etter terroråttaka på Utøya og i Regjeringskvartalet, at det kom ein statleg rettleiar om temaet,. Styrking av dei psykososiale kriseteama har derfor vore etterspurt frå kommunane, og temaet har vore sentralt i fylkesmannen si ressursgruppe for samordna oppfølging etter 22. juli. Denne ressursgruppa, som i tillegg til fylkesmannen har medlemmer frå spesialisthelsetenesta, KS, kommunane, fylkeskommunen, Arbeidarpartiet/AUF og støttegruppa etter 22. juli, har i 2013 laga ein plan for styrking av kriseteama. I samsvar med planen skal det etablerast eit fast nettverk bestående av alle leiarane for dei psykososiale kriseteama. Nettverka sine viktigaste oppgåver er å vere arena for fagleg utvikling og samordning.

Nettverket vil også vere eit naturleg knutepunkt mellom kommunale kriseteam og viktige samarbeidspartnarar lokalt og regionalt. Fylkesmannen skal ivareta sekretariatsoppgåver for nettverket, og det vert også arbeidd med å få på plass ein eigen nettverkskoordinator i 30% stilling.

Kontaktperson: Beredskapssjef Ketil Matvik Foldal, tlf. 71 25 84 83,
ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no

KOMMUNEØKONOMI: Lav inntekt og store utfordringer

Økonomien til kommunane i Noreg står ovanfor fleire utfordringar. Det er varsla lågare inntektsvekst gjennom statsbudsjetta i åra som kjem grunna uroa i internasjonal økonomi.

Samtidig er det venta ein vekst i rekneskapsførte pensjonsutgifter som følgje av låg rente, høg lønnsvekst og endringar i regelverket. Rentenivået er historisk sett lågt og ved renteheving vil kommunesektoren få høgare renteutgifter. Etter ei regelendring kan ikkje kommunane lenger bruke MVA-kompensasjonen frå investeringane til driftsføremål. Alle disse faktorane gjer at det er naudsynt for kommunane å kutte i tenestetilbodet eller auke inntektene.



Færre Robek-kommunar i 2013, men fleire i 2014?

6 av 36 kommunar i Møre og Romsdal er i Robek (register over betinga kontroll og godkjenning). Kommunar i Robek er underlagt strengare statleg kontroll og oppfølging frå fylkesmannen si side. Ved inngangen til 2013 var åtte av våre kommunar i Robek. Det var difor gledeleg at Vestnes og Vanylven kommunar vart meldt ut av Robek gjennom året. Fylkesmannen har ei tett oppfølging av kommunane som er i Robek no: Gjemnes, Fræna, Hareid, Stranda, Ørsta og Sykkylven kommunar. Vi får signal frå fleire kommunar om utfordringar med budsjettåret 2014, anten at budsjettet ikkje er i balanse eller at tidlegare års underskott ikkje blir nedbetalt. For eksempel Volda kommune.


Robek effektiviseringsnettverk - vegen ut av økonomisk ubalanse?

Robek-kommunane som har delteke i nettverket til Fylkesmannen og KS har mellom anna gjennomgått ei grov perspektivanalyse kor innsparingspotensial blei vist i forhold til landsnitt og befolkningsprognoser. Vidare blei handlingsrommet på enkelttenestene utdjupa og kommunane blei utfordra til å vurdere tiltak for å kutte driftsutgiftene. Kommunane har også hatt kommunevise besøk kor både folkevalde, rådmann, verksemdsleiarane og tillitsvalde samla blei vist kva for utfordringa og moglegheiter kommunen står ovanfor.

Resultata etter første år er at fleire av kommunane har laga nye rutinar for resultatstyring av økonomien, systematisk statistisk materiale nyttast for oppfølging, konkrete tiltak er lagt inn i kommunebudsjetta for 2014 og fleire peiker på at dei nå kjenner suksessfaktorane for å lykkast. I 2014 fortsetter nettverksarbeidet for å sikre at tiltaka vert følgt opp og at dei problemstillingane som dukkar opp blir drøfta slik at man i fellesskap kan finne løysningar.

Robek-kartet 2013

- I Robek
- Utmeldt av Robek



Grafikk: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kva er kjenneteikna på våre Robek-kommunar?

Det er ulike årsakar til at kommunane i Møre og Romsdal har hamna i Robek.

Felles er at dei alle har hatt høgare driftsutgifter enn driftsinntekter over tid. Somme av dei har tapt pengar på børsinvesteringar.

Dei fleste Robek-kommunane har høg lånegjeld, dei lånefinansierar ein større del av investeringane sine og nyttar lengst mogleg tid på å betale ned låna sine jamfør minste avdragsprinsippet.

At gjelda aukar kan vere eit symptom på ein stram kommuneøkonomi og at kommunane må låne pengar fordi dei ikkje har eigenkapital. Ved høgare lånegjeld vert det mindre pengar igjen til å produsere tenestar.



Kontaktpersonar: Rådgivar Martin Gjendem Mortensen, tlf. 71258440,
martin.gjendem.mortensen@fylkesmannen.no

Rådgivar Sissel Hol, tlf. 71258449, sissel.hol@fylkesmannen.no


DRIFT: 10 kommunar med negativt driftsresultat

10 av kommunane i Møre og Romsdal har hatt eit negativt netto driftsresultat dei siste fem åra og det er her vi finn storparten av Robek-kommunane.

Netto driftsresultat er sett på som hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen i kommunane. Netto driftsresultat er overskotet, eller underskotet, etter at tenestane og gjelda er betalt av årets inntekter. Vi (kven) tilrår at netto driftsresultat over tid ligg på 3 pst av inntektene for at kommunane skal ha ein berekraftig økonomi og at kommunane si formue skal oppretthaldast. For kommunane i Møre og Romsdal har netto driftsresultat dei fem siste åra vore på litt over ein prosent. 10 av kommunane har hatt eit negativt netto driftsresultat dei siste fem åra og det er her vi finn storparten av Robek-kommunane.



Dei største investeringane til kommunane dei siste fem åra er innafor sektorane grunnskule, var-sektoren, kultur og samferdsel.



Gjelda aukar jamt og trutt

Lånegjelda til kommunane i Møre og Romsdal stig jamt og trutt. Gjeldsgrada til kommunane i Møre og Romsdal ligg på 92,3 pst i 2012, om lag 20 pst over snittet til Noreg utan Oslo. Slik har det vore over fleire år og dei siste åra har kommunane her i fylket lånt meir enn landsgjennomsnittet. Storleiken på lånegjelda varierer mykje frå kommune til kommune. At gjelda auke kan vere eit symptom på ein stram kommuneøkonomi og at kommunane må låne pengar fordi dei ikkje har eigenkapital. Ved høgare lånegjeld vert det mindre pengar igjen til å produsere tenester.

Kontaktpersonar: Rådgivar Martin Gjendem Mortensen, tlf. 71258440,

martin.gjendem.mortensen@fylkesmannen.no

Rådgivar Sissel Hol, tlf. 71258449, sissel.hol@fylkesmannen.no


EIGEDOMSSKATT: Sunnmøre kjem etter

Det er kommunane i Romsdal, Nordmøre og Norddal som har eigedomsskatt, samt dei tre største byane.

Kommunane har få moglegheiter til å påverke inntektene sine sjølv, om ein ser bort i frå tiltak av meir indirekte karakter, som å gjere kommunen meir attraktiv for tilflytting og leggje forholda til rette for næringsutvikling. Det finst likevel eit unntak og det er eigedomsskatten. Av landets 428 kommunar hadde heile 324 innført eigedomsskatt i 2012. I vårt fylke hadde 19 kommunar eigedomsskatt i 2012. Eigedomsskatten ga ei inntekt til kommunane på totalt 566 mill. kr (409,1 mill. frå næring, verker og bruk og 156,9 mill. kr frå bustad og hytte). Til samanlikning var det berre 10 kommunar som hadde eigedomsskatt i 2002 og det ga ei inntekt på 117,4 mill. kr.

Tala viser i hovudtrekk at det er kommunane i Romsdal, Nordmøre og Norddal som har eigedomsskatt, samt dei tre største byane. Fleire av kommunane på Sunnmøre kommer etter i 2013 og åra som kjem, då fleire av dei har vedteke å innføre eigedomsskatt frå og med i år.

Eigedomsskattekartet for 2013



Kontaktpersonar: Rådgivar Martin Gjendem Mortensen, tlf. 71258440,
martin.gjendem.mortensen@fylkesmannen.no

Rådgivar Sissel Hol, tlf. 71258449, sissel.hol@fylkesmannen.no

INNOVASJON: Dette går prosjektmidlane til

Fylkesmannen tildelte om lag 8 millionar kroner til utviklings- og innovasjonsprosjekt i kommunane i 2013. Med det aukar Fylkesmannen innsatsen frå tidlegare år, og vi ønskjer også større innsats på utviklings- og innovasjonsprosjekt i åra framover.

Fylkesmannen er opptatt av ein effektiv og kvalitativ god offentleg sektor. For kommunane vil det vere å skape attraktive, trygge og berekraftige lokalsamfunn der innbygarane har gode vilkår gjennom alle fasane i livet. Utvikling og innovasjon vil alltid vere viktig i eit slikt perspektiv. Prosjekt innanfor velferdsteknologi, spesialundervisning og læringsmiljø, beredskap og samfunnstryggleik, betre oppvekst og svartelista plantearter vart spesielt prioritert i 2013. Dette er alle områder som er framtidsretta og viktige i åra framover.



Barn og unge er ei viktig satsing for Fylkesmannen i 2014.

Betre oppvekst

Fylkesmannen har lansert ei fireårig satsing på barn og unge med visjon om «betre oppvekst for alle barn og unge i Møre og Romsdal». Gjennom satsinga ønskjer fylkesmannen å stimulere kommunane til utviklingsarbeid innan:

- Sikre barn og unge sin medverknad
- Betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- Betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- Redusere negative konsekvensar av sosiale skilnader

Kontaktperson: Rådgivar Anne Mette Nerbøberg, tlf: 71 25 85 28, anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no

Spesialundervisning og læringsmiljø

Det har vore ei kraftig auke i bruken av spesialundervisning dei siste åra og den totale ressursbruken (lærarressurs) er stabil. Det betyr at det blir mindre til ordinær undervisning. Fylkesmannen har gjennom fleire år lagt vekt på rettleiing. Fokus på læringsmiljø med mobbing og krenkande atferd har vore stort siste året gjennom tilsyn og rettleiing. Det ser ikkje ut til at omfanget av mobbing er redusert dei siste åra, så det er viktig for skulane og skuleeigarane å halde oppe trykket på dette feltet.

Kontaktperson: Direktør Alv Walgermo, tlf 71 25 88 15, alv.walgermo@fylkesmannen.no

Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er først og fremst teknologisk assistanse, som skal understøtte og forsterke pasientens sin trygghet, sikkerhet, mobilitet. I tillegg legge til rette for auka fysisk og kulturell aktivitet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er knytt til *Det Midt-Norske Velferdsteknologiprojektet*, - ei felles regional satsing for utprøving av ulike velferdsteknologiske løysingar som vert avslutta ved utgangen av 2013.

Kommunane Ålesund, Ørskog, Ulstein, Herøy og Vanylven har fokusert på utprøving av GPS-sporing. I tillegg har dei same kommunane hausta erfaring frå bruk av spill-teknologi i samanheng med aktivisering dagsenterverksemd.

Kristiansund kommune har arbeidd målretta med utprøving av vandrealarm i sjukeheim.

Sluttrapportar knytt til prosjekta er planlagt ferdig i løpet av våren 2014.

Kontaktperson: Rådgivar Sverre Veiset, tlf: 71 25 86 31, sverre.veiset@fylkesmannen.no

Samfunnstryggleik og beredskap

Sivilbeskyttelseslova si lovfesting av kommunal beredskapsplikt har gitt kommunane nye oppgåver.

Etter ansvarsprinsippet må desse oppgåvene løysast i den einskilde kommune, men fylkesmannen trur likevel at prosjekt som legg til rette for samarbeid og erfaringsdeling mellom fleire kommunar vil ha stor effekt. Fylkesmannen har i 2013 gitt støtte til to innovasjons- og utviklingsprosjekt innanfor samfunnstryggleik og beredskap – eitt samarbeidsprosjekt og eitt pilotprosjekt:

- Interkommunalt beredskapssamarbeid på Nordmøre
- Risiko- og sårbarheitsanalyse for flaum og skred i Sunndal kommune

Kontaktperson: Beredskapssjef Ketil M. Foldal, tlf: 71 25 84 83,

ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no

Skadelege planteartar

Fylkesmannen registrerer at fleire framande, skadelege og svartelista planteartar spreier seg i kommunane. Det kan endre landskap og skade naturmangfaldet. Artar som tromsøpalme og kjempebjørnekjeks er også helseskadelege ved at dei har ei irriterande plantesaft. Fylkesmannen har støtta prosjekt i kommunane som kartlegg og registrerer slike førekomstar, utryddar dei lokalt og førebyggjar mot vidare spreining.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Ola Betten, tlf: 71 25 84 76, ola.betten@fylkesmannen.no

Tabellen under viser prosjekta som fikk støtte av Fylkesmannen:

Kommune	Samarbeidspartar	Namn på prosjektet
Molde	PPT og Høgskolen i Volda	"Plass for alle -etikk og kvalitet" - en plan for tilpasset opplæring
Molde		Prosjekt registrering og bekjemping av fremmede arter
Ålesund	Statped Vest	Skole og PPT sammen i utvikling av tilpasset, inkluderende og likeverdig opplæring for alle
Ålesund	Vanylven, Herøy, Ulstein og Ørskog	Vidareføring av velferdsteknologiprojektet; gps-sporing og spelteknologi
Ålesund		Registrering av spredning av svartelistede planter
Ålesund		Etablere læringsarenaer for velferdsteknologiske løysingar
Ålesund		Aktivt demokrati for barn og unge
Kristiansund	Ulstein, Sjustjerna og ORKide	Spesialpedagogikk - førskolebarn. Kompetanse- og nettverk i Møre og Romsdal. IKVO i Møre og Romsdal
Kristiansund	IKT ORKide	AltInnUt
Kristiansund	Averøy, Aure, Gjemnes, Tingvoll, Sunndal, Halså og Molde	Interkommunalt beredskapssamarbeid
Kristiansund		Våke
Kristiansund	SINTEF	"Vennligst forstyrr"
Kristiansund		Tiltak mot framande planteartar
Herøy	PPT og Statped Midt	Meir læring for fleire - vidareføring
Herøy	PPT	"På tvers"-ei gransking av arbeidet i PPT i Møre og Romsdal
Ørsta	Volda, NAV Møre og Romsdal	Vertskommunesamarbeid
Norrdal	KS Møre og Romsdal	Den gode skuleeigar
Sykkylven		Tiltak mot framande planteartar
Haram	Sunnmøre regionråd, Helse Møre og Romsdal, Politiet og Bufetat	Kompetanseløft barn og unge, fase 3 Mission Possible
Rauma	Vestnes	En rød tråd - spiren til utvikling? Om grensesnittet spesialundervisning - tilpassa opplæring og styringssystem
Rauma		Bekjemping av framande artar
Aukra	Vestnes, Rauma, Nesset, Molde, Eide, Fræna og Midsund (ROR)	Videreutvikling av interkommunalt samarbeid i Romsdal
Tingvoll	Sunndal, Nesset, PPT, Nav Sunndal og Nesset	Forebyggjande arbeid blant barn og unge når hjelpetenestene er interkommunale.
Sunndal	NVE	Risiko- og sårbarhetsanalyse - ras og flom i Sunndal kommune
Sunndal		Dei utfordrende barna - Møre og Romsdal (DUB-MR)
Surnadal		Vyurderingsløftet 2011-2014
Halsa	PPT for Surnadal, Halså og Rindal	God opplæring for alle elever.

Kontaktpersonar: Rådgivar Martin Gjendem Mortensen, tlf. 71258440,

martin.gjendem.mortensen@fylkesmannen.no

Rådgivar Sissel Hol, tlf. 71258449, sissel.hol@fylkesmannen.no

VERJEMÅL: Behov for fleire verjer

Det er eit aukande behov for faste verjer og representantar for einslege mindreårige asylsøkjjarar.

Første halvår 2013 budde fylkesmannen seg på ei ny stor oppgåve, då arbeidet med verjemål skulle overførast frå 36 kommunar til fylkesmannen.

Føremålet om ei ny verjemålsreform var ynskje om større rettstryggleik og rettslikheit for personane under verjemål. Det var behov for ei meir profesjonell forvaltning. Mandata skal no tilpassast individ sine behov, og kan avgrensast i tid og omfang. Ordninga med at ein person no kan verte fråtatt rettsleg handleevne erstattar tidlegare umyndiggjæring av personar. Ny lov regulerer alternativ til verjemål som legal- og framtidfullmakt. Verjemålsmidlane er no forvalta av 46 godkjente bankar etter en avtale som er forhandla fram av Staten. Talet på verjemål som er registrert hjå fylkesmannen er pr i dag ca 2600. Dei fleste er vaksne med ulike lidningar som gjer det naudsynt å ha verje som tek i vare deira interesser både for det personlege og det økonomiske område. I tillegg er umyndige med formue over 2G (ca kr 165.000) registrert med verjemål og desse midlane vert forvalta av Fylkesmannen til dei er myndige. Fylkesmannen forvaltar i dag ca 400 millionar verjemålsmidlar.



Dei aller fleste verjene har fortsatt arbeidet med sine verjemål, men noko utskiftingar av verjer har det vore. Mange av desse er erstatta med verjer frå Fylkesmannen sitt faste verjekorps som no utgjer ca 60 meir «profesjonelle» verjer. Dei faste verjene har fleire oppdrag etter avtale med fylkesmannen og vil etter kvart bli meir røynde verjer.

For einslege mindreårige asylsøkjjarar er det oppretta ei ordning med at det får oppnemnd representant, medan asylsøknaden deira er under handsaming. Dei som vert busett får oppnemnd verje.

Derfor treng vi fleire verjer:

Det er eit aukande behov for å knytte til seg faste verjer og representantar for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Det er stadig fleire som ikkje har nære pårørande rundt seg og i mange høve kan det være tjeneleg å ha ein verje som ikkje er pårørande. Den som kan tenkje seg å blir verje kan kontakte fylkesmannen ein prat om kva det innebær å være verje.


Kontaktperson: Seksjonssjef Tove Røberg, tlf: 71 25 84 45, tove.roberg@fylkesmannen.no

FRI RETTSHJELP: Familiesaker blir prioritert

I 2013 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal handsama 550 nye saker vedkommande fritt rettsråd (utanomrettsleg bistand) og 91 saker om fri sakførsel

Fri rettshjelp er ei statleg ordning for å sikre at personar med svak økonomi ikkje skal lide rettstap. Ordninga inneber at staten tar rekninga til advokathjelp.

Dei prioriterte saksfeltene er familiesaker (felleseigeskifte/økonomisk oppgjær etter sambuarskap og saker etter barnelova). Personskadeerstatning, klage etter folketrygdlova, oppseiing av arbeidsforhold og leieforhold etter arbeidsmiljølova og husleigelova.



For å kunne få fri rettshjelp må ein som einsleg ikkje ha ei årleg bruttoinntekt på over kr **246.000** og ektefellar/sambuarar med samla årleg bruttoinntekt på under kr **369.000**. Nettoformuegrensa er satt til kr **100.000**.

Det er i tillegg høve til å søke om fritt rettsråd på alle saksområde etter unntaksreglar, og døme på slike saker kan være barnevernssaker, gjeldssaker og sossaker. Ordninga har og nokre saksområde som ikkje er økonomisk behovsprøvd. Døme på slike saker er: klage i asylsaker, erstatning for urettmessig straffeforfølgning og bistand til personar utsett for vald.

Ordninga har og nokre saksområde som ikkje er økonomisk behovsprøvd. Døme på slike saker er: klage i asylsaker, erstatning for urettmessig straffeforfølgning og bistand til personar utsett for vald.

Fylkesmannen har totalt utbetalt kr **5.176.041,-** gjennom ordninga med fri rettshjelp i 2013 . Av dette beløpet er kr **757,725,-** salær for kontrollkommisjonen.

Kr **452 360 ,-** av beløpet er utgifter til tolk, i hovudsak asylsaker. Resterande Kr **4.636.351 ,-** er salær til advokater i fritt rettsråd saker.

Kontaktperson: Seksjonssjef Tove Røberg, tlf: 71 25 84 45, tove.roberg@fylkesmannen.no

OSKESPREIING:- Fleire blir spreidd for vinden

Det var i 2013 ei stor auke av søknader om løyve til oskespreiing.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal handsama 70 saker om oskespreiing. Dette er ei monaleg auke frå åra før der talet har lege på 30 til 40 saker. Årsaken til auken ligg i at ordninga er betre kjent, familiestrukturane er i endring, folk flyttar meir og ynskjer ikkje etterlate seg gravminner.

Løyve til oskespreiing er avgrensa til å gjelde for opent hav eller på høgfjellet. På fjellet føreset ein at området der handlinga skal utførast, har eit aude preg, at det ikkje er turstiar, vasskjelder eller hytte eller fritidsbusetnad på staden.

Dei fleste sakene er førehandsøknader der søkjar sjølv ber om løyve til spreiiing av oske etter død og kremasjon. Nære pårørande kan og søke på avlidnes vegne. Det må då godtgjerast at den avlidne sjølv har hatt eit klart ynskje om spreiiing av oska. Ynskje om oskespreiing kan vere skrevne dokument, eller at fleire nære pårørande, kan stadfeste at avlidne har ynskja spreiiing av oske for vinden.

Kontaktperson: Seksjonssjef Tove Røberg, tlf: 71 25 84 45, tove.roberg@fylkesmannen.no

KLAGESAKER: Fylkesmannen står midt i spenningsfeltet

I klagesaksbehandlinga over kommunale vedtak etter plan- og bygningslova står fylkesmannen midt i spenningsfeltet mellom minst tre omsyn. Tilhøvet mellom det lokale sjølvstyret på den eine sida, og dei nasjonale interessene på den andre. Den tredje dimensjonen er omsynet til rettstryggleiken for partane i saken. Alle desse omsyna må fylkesmannen balansere i klagesakene.

Viktige satsingsområdet for den nye regjeringa er mellom anna ein enklare plan- og bygningslov, og ei avgrensing av statens overprøving av kommunane. Kva desse endringane vil få å seie for klagesaksbehandlinga er for tidleg å seie. Uansett kva for styringssignal vi får, så er vi budd på å tilpasse verksemda til dei nye signala.

Kampen om areala, og kva areala skal nyttast til har til alle tider vore gjenstand for interessemotsetning. Jo meir attraktive areala er, jo større konflikt. Denne interessemotsetninga ser vi i klagesakene etter plan- og bygningslova. Både i klage på reguleringsplan og byggesak. Vi skal i vår klagebehandling sikre at måla for bygningspolitikken på best mogleg måte blir tatt i vare, slik desse er nedfelt i lov, forskrift og kommunen sine arealplaner.

Fylkesmannen har i 2013 hatt ei auke i saksbehandlingstida grunna ein utfordrande bemanningssituasjon. Vi vonar likevel at vi i løpet av 2014 vil oppnå ei vesentleg forbetring i vår behandlingstid.

Fylkesmannen har behandla om lag 150 klager på byggesaker. I om lag 1/4 av sakene har klagen blitt tatt til følgje. Fylkesmannen har vidare behandla 26 saker om klage på vedtak om kommunal godkjenning av reguleringsplan. Kommunestyrets vedtak om plangodkjenning er stadfesta i 22 av dei sakene som er behandla i 2013. Talet på innkomne klagesaker ser ut til å ligge på eit nokolunde same nivå som tidlegare år.

Kontaktperson reguleringsplan: Rådgivar Vibeke Olsen Fagervold, tlf. 71 25 84 35, vibeke.olsen.fagervold@fylkesmannen.no

Kontaktperson byggesak: Seniorrådgivar Bente Thornes Kosberg, tlf. 71 25 84 78, bente.thornes.kosberg@fylkesmannen.no



TRO OG LIV: Pinsemeinigheiter dominerar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har totalt 33 registrerte trudoms- og livssynssamfunn pr. 01.01.2013. 27 av trudomssamfunna er registeret med forstandar som har vigselfrett.

Heile 14 av dei registrerte trudomssamfunna er Pinse- meinigheiter. Møre og Romsdal har tre muslimske trossamfunn.

Statstilskottet pr. medlem for registrerte trudomssamfunn var i 2013 på kr 419,-.

I 2013 er det samla utbetalt kr 1.847 371,00- i statstilskott.

Kontaktperson: Seksjonssjef Tove Røberg, tlf 71 25 84 45, tove.roberg@fylkesmannen.no

Separasjon og skilsmisse

Fylkesmannen i Møre og Romsdal behandlar separasjon- og skilsmisselføve etter ekteskapslova:

Tal på løyve for åra 2010-2013:

År	Separasjon	Skilsmisse	Ekteskap inng. (Mannens bostedsadr)
2013	573	427	Tala er ikkje tilgjengelig
2012	520	455	1104
2011	476	438	1045
2010	573	448	1077

Kontaktpersonar: Rådgivar Margrethe Rørvik Kristiansen, tlf 71 25 84 60,

margrethe.rorvik.kristiansen@fylkesmannen.no

Rådgivar Anna Vågen Grendsen, tlf. 71 25 86 49, anna.grendsen@fylkesmannen.no

Utfordringar Justis-og beredskap 2014

- *Arbeide for auka risikoerkjening hos alle med oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i Møre og Romsdal.*
- *Hogt fokus på å få ned saksbehandlingstida på klagesakene*
- *Fortsatt høgt fokus på verjemålsarbeidet.*

Planlegging

Kontaktpersonar :

samordnar Sveinung Dimmen tlf. 7125 8420 e-post: sveinung.dimmen@fylkesmannen.no

seksjonssjef Jon Ivar Eikeland tlf. 7125 8468 e-post: jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no

Fylkesmannen har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har og rolle som meklar i plansaker der det ligg føre motsegn.

Rammer og retningslinjer for Fylkesmannens roller og oppgåver på plan- og miljøområdet er i hovudsak trekt opp av Miljøverndepartementet. Frå 01.01.2014 vil alle plansaker etter plan- og bygningslova bli overført frå Miljøverndepartementet til det nye

Kommunal- og moderniseringsdepartementet.



Fylkesmannen skal sjå til at regionale og nasjonale omsyn blir ivaretatt i planleggingsprosessar.

PLANSTATISTIKK: Stort trykk på plansaker og dispensasjonssaker

Statistikken for 2013 viser at aktiviteten på plansida er stor. Samla tal på behandling av plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova ligg om lag på nivå med fjoråret.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2013 behandla til saman 1100 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (pbl). Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til kommunal- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Plansakene utgjer 567 saker fordelt på reguleringsplanar (471) og kommune(del)-planar (86).

Planaktiviteten kommunane mellom viser elles stor variasjon; jf. kommunekartoversikt.

Tabellen under viser samla oversikt for plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova i 2013. Tilsvarende registreringar for 2010 - 2012 er også tatt med:

	2010	2011	2012	2013
Reguleringsplan	459	480	496	471
Kommune(del)plan	36	37	48	86
Kommunal planstrategi	x	x	34	5
Regionale planar	-	-	6	5
Plansaker samla	495	517	584	*567
Dispensasjonssaker samla	628	520	605	533
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100
Motsegner (tal planar)	39	62	63	64
Meklingsmøte	4	7	6	8
Planar sendt departementet	2	0	3	1
Klager /dispensasjonsøknader	18	18	21	3

Tabell: Samla oversikt over behandla plansaker/ekspedisjonar hos FMMR 2010 - 2013.

Krav til kommunal kompetanse og kapasitet på planområdet

Den kommunale planlegginga skal etter plan- og bygningslova samordne både den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga. Kommunal planlegging er i lys av dette eit viktig verktøy for utvikling og styring både av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon.




Bygging i strandsonen et konfliktområde. Fra Nerås.

Ei generell utfordring for fleire av kommunane vil vere mangel på oppdaterete planar – i første rekke på oversikts-/kommuneplannivå. Mange kommunar slit elles både med både kapasitet og kompetanse på planområdet .Fleire av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Strandsoneforvaltning og kjøpesenteretablering er eksempel på saker som utfordrar ulike interessegrupper som gjerne skaper stort lokalt engasjement.

Lowverket stiller her nye og utvida krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. Dette kjem m.a. til uttrykk i større utbyggingsprosjekt knytt til veg- og transport, der samfunnsverdiar knytt til regional vekst og utvikling kan kome i konflikt med verdiar knytt til landbruk, landskap, natur- og miljøvern. Eksempel på det dette er planane for Nordøyvegen over Fjørtofta, planane for Møreaksen for kryssing av Romsdalsfjorden, samt planar knytt til bypakkane for Ålesund, Kristiansund og Molde.

Kommunal planstrategi som verktøy for betre kommunal planlegging



Kommunal planstrategi er eit nytt verktøy i plan- og bygningslova. Fylkesmannen har pr. 31.012.2013 behandla utkast til kommunal planstrategi frå 35 av fylket sine 36 kommunar. Dei kommunale planstrategiane viser stor variasjon både i form og innhald. Viktige rammer og føresetnader vil her m.a. ta utgangspunkt i utviklingstrekk og utfordringar knytt både til samfunns- og arealutvikling, og til kommunal tenesteyting.

Motsegner – på same nivå som fjoråret

Statlege og regionale organ kan fremje motsegn (innsigelse) mot kommunale planar som er i strid med nasjonale interesser. Statlege og regionale organ skal medverke i planarbeidet slik at desse interessene vert innarbeidd i planane. Reglane om motsegn skal sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonal eller regional politikk.

Motsegner fordelt på plantypar

FMMR har i 2013 fremma motsegn til 66 planar (56 reguleringsplanar og 10 kommune(del)planar). Talet på motsegner ligg på nivå med tala frå dei to foregåande åra (62 og 63 saker), men vesentleg høgare enn i 2010 (39 saker). I høve til det samla talet på plansaker er det likevel relativt få motsegner. Av i alt 471 reguleringsplansaker/-ekspedisjonar utgjer motsegnssakene 11,8%.

Motsegner fordelt på plantema

Til same plan kan det vere fremma fleire motsegner ut frå ulike tema/fagområde. Dersom ein tar utgangspunkt i motsegnspunkt knytt til ulike plantema, vil såleis talet vere høgare (jf. tabellen under).

Motsegner samla fordelt på plantema 2013

Tema for motsegn	Kommuneplan	Reguleringsplan	Kp + Rp
Natur/miljø/landskap	4	16	19
Strandsone/friluftsliv	4	11	14
Landbruk/jordvern	4	5	9
Barn-unge	1	20	21
Beredskap/samfunnstryggleik/ROS-analyse	2	13	14
Støy/forureining	0	7	7
RPB/kjøpesenter	2	8	10
RPR/areal-transport	0	0	0
Planfagleg/anna	0	4	4
Samla tal motsegner fordelt på tema	17	84	101

I tabellen er det skilt mellom *kommuneplan* og *reguleringsplan*. Kommuneplansakene omfatter ofte motsegn knytt til ulike plantema, men gjerne også fleire motsegnspunkt knytt til same tema. T.d. vil det kunne reisast motsegn på grunn av jordvern knytt til fleire delområde i planen. Dette blir ikkje fanga opp av statistikken.

Samla sett er det kategorien *Barn og unge* som oftast gir grunnlag for motsegn. Det er også mange motsegner knytt til *Natur/miljø/landskap* og til *Strandsone/friluftsliv*. Desse to kategoriane er i praksis ofte nær knytt til kvarandre. Høgt tal på saker knytt til strandsona har ofte samanheng med forventningar om at det skulle bli enklare å få bygge i 100 meters-beltet langs sjøen etter at det vart innført *Statlege planretningslinjer for strandsona* (SPR) frå 01.07.2011.

Motsegnssaker knytt til kjøpesenteretablering er ikkje så mange i talet, men er likevel ofte både svært komplekse og konfliktfylte. Fylkeskommunen har starta arbeidet med utarbeiding av ny regional delplan for senterstruktur. Saman med rikspolitiske bestemmelsar (RPB) for kjøpesenter og rikspolitiske retningslinjer (RPR) for samordna areal- og transportplanleggingvil gir dette viktige rammer og føringar for behandling av senterstruktur og lokalisering av detaljhandel og andre publikumsretta servicefunksjonar.

Mekling - natur og miljøvern ein gjengangar

Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen. Saka kan gå vidare, anten ved at kommunane endrar planen, det vert gjennomført mekling eller at planen går direkte til avgjerd i Miljøverndepartementet.

Det har vore gjennomført 8 ordinære meklingar i løpet av 2013. Spørsmål knytt til natur-/miljøvern har vore tema i 5 av dei 8 meklingane.

Plansaker oversendt Miljøverndepartementet for avgjerd

Dersom ein plan går til mekling og ein ikkje kjem fram til ei løysing, vil saka gå til avgjerd i Miljøverndepartementet. Departementet sitt vedtak i saka kan ikkje påklagast. Fylkesmannen har i 2012 og 2013 hatt fire plansaker som er oversendt for avgjerd i Miljøverndepartementet (MD).

Oversendingssakene i 2012 og 2013 gjeld:

- Skodje kommune; reguleringsplan for Digernes næringsområde.
- Averøy kommune; reguleringsplan for Uran.
- Nesset kommune; kommuneplanens arealdel
- Sande kommune; reguleringsplan for Storehaugen

Av dei fire oversendingssakene har departementet fatta vedtak i dei to første i tråd med innstilling frå FMNR, medan dei to siste enno er under sluttbehandling i departementet.

Framleis mange dispensasjonssøknader

Det kan søkast om dispensasjon frå kommuneplan, bygge- og deleforbodet i 100-m beltet, eller frå reguleringsplan. FMNR har i 2013 behandla 555 dispensasjonssaker etter pbl. Samla tal på dispensasjonssaker ligg framleis høgt, men likevel godt under tala frå 2012 og frå «toppåret» 2010. Dei fleste sakene er knytt til dispensasjon frå kommuneplanen. Statistikken for 2013 viser at 459 av dispensasjonssakene er knytt til kommuneplan og 96 saker til reguleringsplan.

Store variasjonar kommunane i mellom

Oversikt over dispensasjonssøknader kommunevis, viser at det er store skilnader kommunane i mellom; sjå kommunekartoversikt. I fleire kommunar ligg talet på dispensasjonssøknader svært høgt målt i forhold til storleik/folketal. Både kommunane og Fylkesmannen har felles interesse av at det blir færre dispensasjonar etter plan- og bygningslova. Frå Fylkesmannen si side blir det m.a. peika på at oppdaterte og gode planar vil gi politikarane og kommunane gode og tydelege styringsverktøy. Gjennom dette vil behovet for dispensasjonar kunne reduserast.

Stor nedgang i tal på klager fremma av Fylkesmannen

Fylkesmannen kan gripe inn i kommunal arealforvaltning ved å klage på vedtak i kommunale dispensasjonssaker. FMNR har i 2013 fremma 4 klager på kommunale dispensasjonsvedtak. Dette er vesentleg lavare enn i forhold til fjoråret då det vart registrert 21 klagesaker, men også i forhold til 2012 (18 saker) og 2011 (18 saker). Det er generelt lite saker som blir påklaga i vårt fylke i høve omfanget av saker. Kvifor talet på klager i 2013 er mindre enn ein tredjedel av snittet siste 3 åra, kan vere at kommunane tar større ansvar, spesielt i strandsona, og ikkje sender på høyring like mange konfliktfylte saker som før.

Utfordringar for Fylkesmannens medverknad til kommunal planlegging i 2014:

- **Formidling av nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging**
- **Planfagleg oppfølging - tidleg kontakt med kommune og private utbyggerar**
- **Samarbeid, rettleiing og erfaringsutveksling gjennom planforum og plannettverk**
- **ROS-analyse – vekt på samfunnstryggleik og beredskap**
- **Konfliktspørsmål knytt til strandsone og kjøpesenteretablering**
- **Synleggjering av barn og unge sine interesser i planlegginga**

Miljøvernavingdelinga



Leiar: Miljøverndirektør Lindis Nerbø, tlf 71 25 84 24

lindis.nerbo@fylkesmannen.no

Miljøvernavingdelinga skal medverke til å gjennomføre den nasjonale miljøvernpolitikken. Miljøverndepartementet og det nye Miljødirektoratet er våre oppdragsgjevarar.

Vi har ansvaret for å forvalte over 200 store og små verneområde, sikre at miljøomsyn vert ivaretatt i planprosessar og gje løyve til og føre tilsyn med forureinande verksemdar.



Frå Sandviksanden i Vanylven kommune. FOTO: T. Bickhardt

Fylket vårt er av dei som har vore hardast ramma av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* og i 2013 har det vore gjennomført ein vellukka behandling i Rauma. Denne må gjentakast neste år, samstundes med at arbeidet med å bygge ei fiskesperre i Driva for å førebu behandlinga der vil starte opp for fullt.

Miljøvernavingdelinga har i dag 25 tilsette. Vi har og arbeidsgjevaransvar for 3 personar på Herje genbank, og verneområdeforvaltarane for Trollheimen og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

PARASITT: Krig mot lakseparasitten i Rauma og Driva



Vellukka aksjon mot lakseparasitt i Rauma. FOTO: Dag Karlsen

Aksjonen for å fjerne lakseparasitten gyrodactylus-salaris frå elva Rauma var på alle måter vellykka.

Fylket vårt er av dei som har vore hardest ramme av lakseparasitten gyrodactylus-salaris og vi har tunge oppgåver knytt til å fjerne denne parasitten, både i Rauma og i Driva, som er av dei få gjeværande vassdraga på landsbasis som har smitten.

I samarbeid med Miljødirektoratet, Veterinærinstituttet og Mattilsynet har Fylkesmannen vore tiltakshavar for å gjennomføre kjemisk behandling i gyrovassdraga i Rauma i veke 35 og 36. På førehand var det gjennomført ei grundig kartlegging av dei vassdraga i Rauma kommune som er smitta av *Gyrodactylus-salaris*. Aksjonen vart vellykka på alle måtar. Ca 110 personar deltok under aksjonen som hadde base på Setnesmoen. Av desse var 46 personar i arbeid med sjølvbehandlinga, medan resten deltok i plukking av daut fisk. Aksjonen gjekk heilt etter plana. Tilhøva var gunstige og det vart anvendt vel 700 l CFT- Legumin (rotenon). Aksjonen blei møtt med stor velvilje frå alle impliserte partar.

Det vart til saman behandla 7 vassdrag, og det synt seg at dei inneheldt forbausande lite fisk. Med smått og stort, laks og sjøaure, vart det samla inn ca. 1700 kg. Dette resultatet var ikkje forventa når det gjeld sjøaure, medan vi på førehand visste at lakseproduksjonen i desse infiserte elvane var særst låg.

I 2013 har det også vore gjort førebuaende arbeid i høve etablering av fiskesperre i Driva ved utarbeiding av detaljplan og førebuaende arbeid i høve å utarbeide anbudsdokument.

Miljøverndepartementet slo fast på eit møte på Sunndalsøra i juni at det einaste alternativet for å bli kvitt parasitten i smitteregionen er å byggje ei fiskesperre i Driva. Det vil bli sett inn betydelege

ressursar i 2014 for å få detaljprosjektert fiskesperra. Stortinget plussa på 10 millionar til arbeidet med å berge villaksen i Driva i statsbudsjettet for 2014.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Trond Haukebo tlf 71 25 84 27, trond.haukebo@fylkesmannen.no

ROVVILT: 75 sau og lam erstatta på grunn av ulv



Det blei erstatta 778 sau/lam på grunn av rovviltskade i 2013. Samla utbetaling var på vel 1,6 mill kroner. Ulvebesøk førte til utbetaling av erstatning for totalt 75 sau/lam.


Skadane skjedde frå 21. mai fram til 3. juni. Det var skade på Svisdal i Sunndal kommune 21. mai, i Eikesdalen i Nesset kommune 28. – 30. mai, ved Moen i Sunndalen 3. juni og i Innerdalen i Sunndal kommune 3. juni. Etter dette er det ikkje kjende observasjonar av ulv eller ulveskade i vårt fylke i år. Dette ulvebesøket førte til utbetaling av erstatning for totalt 75 sau/lam.

Statens naturoppsyn (SNO) fann hår etter ulven ved Moen og i Innerdalen i Sunndal kommune. Etter at DNA-analysene var gjennomført viste det seg at dette var ein hannulv født 2012 i Prästskogen som ligg nordvest i Hälsingeland. Ulven hadde 75 % finskrussiske gener, og var difor viktig for langsiktig overleving av ulv i Skandinavia. Før vi fekk kjennskap til genetikken hadde det vore fellingsforsøk på ulven på Svisdal, i Eikesdal og i Sunndal.


Som vanleg var det jerv som var årsak til størstedelen av desse tapa (644 sau/lam). Dette er 180 fleire dyr enn det som blei erstatta i 2012, men for heile perioden 1996 – 2011 har det vore erstatta fleire dyr en det som skjedde i 2013. 2007 var det verste året med heile 2200 dyr erstatta (4,4 mill kroner).

Mesteparten av erstatninga blir betalt ut på grunnlag av sannsynleggjort rovviltskade. I 2013 blei 98 % av erstatninga for jerveskade gitt på grunnlag av sannsynleggjort skade utan at kadaver er funne att. For ulveskadane i 2013 var det annleis. Desse skadane var svært konsentrerte i tid og rom, og nær halvparten av dei dyra som blei erstatta på grunn av ulveskade er dokumentert drepane av ulv.

Erstatning for rovviltskade i Møre og Romsdal 1995 - 2013



Kadaverdokumentasjon (antatt og dokumentert) gjennomført av SNO i Møre og Romsdal 2000 - 2013



For å få betre kunnskap om andre årsakar til at sau har blitt borte på utmarksbeite, tok vi kontakt med saksbehandlarar i dei 6 kommunane der det var søkt om rovviltskadeerstatning. Dette gav betra kunnskap om tapsproblematikken i ulike delar av fylket.

Kontaktperson: Seksjonssjef Ulf Lucasen, tlf. 71 25 88 59, ulf.lucasen@fylkesmannen.no

DOM: Krokann-saken

Frostating lagmannsrett sin dom i den såkalla Krokann-saken blei rettskraftig 05.12.2013

Lagmannsretten sin dom inneber ei plikt for forvaltninga (fylkesmannen) til å vurdere - og grunngje andre tapsårsakar enn rovdyr der det ikkje blir gitt full erstatning for tap over normaltaket, for område der det bevisleg finst rovdyr i området. Lagmannsretten sin dom inneber ikkje at alt tap ut over det såkalla normaltaket skal erstattast som rovdyrtaap i områder med rovdyr. Dette skapte ekstra utfordringar under erstatningsoppgjeret for 2013.

Dokumentasjon av tapsårsak er et viktig grunnlag for å kunne vurdere kva som mest sannsynlig er årsaka til at et beitedyr ikkje er å finne under sankinga om hausten. Det gjelder både tap til rovvilt og tap som skuldast andre årsaker.

Statens naturoppsyn (SNO) går aktivt ut og ber sauebrukarar om å melde frå om funn av døde sauer som brukarane sjølv meiner kan vere drepne av rovvilt slik at disse skal kunne undersøkjast for å finne dødsårsak. Det er inga oppmoding frå SNO om å melde frå om kadaver av sau som opplagt har krepert av andre årsaker som for eksempel sjukdom, raudrev eller hund. Resultata frå SNO sine kadaverundersøkingar blir lagt inn i rovbasen. Dødsårsaker som dreiar seg om rovvilt vil derfor vere overrepresentert i rovbasen. Vi kan derfor ikkje bruke rovbasen som vurderingsgrunnlag for å anslå omfanget av tapsårsaker som ikkje dreier seg om rovvilt.

Kontaktperson: Seksjonssjef Ulf Lucasen, tlf. 71 25 88 59 , ulf.lucasen@fylkesmannen.no

VERN: Store ressursar vert brukt på verneområda

I 2013 har fylkesmannen lagt ned store ressursar i å skjømte dei om lag 200 naturreservata og fuglefredingsområda våre på ein best mogeleg måte. Det er gjennomført tiltak i 28 av verneområda.

Skjømteplanen er basert på fagleg og erfaringsbasert kunnskap, og det vert laga forvaltingsplanar som avklarar korleis verneområda skal forvaltast. Desse viser måla for det enkelte verneområdet, og kva skjømte- og informasjonstiltak som skal gjennomførast. I 2013 vart det godkjent planar for:

- Sandblåst-/Gaustadvågen naturreservat, Eide og Fræna
- Goksøyryrane naturreservat, Herøy
- Runde fuglefredingsområde, Herøy (4 delområde)


Det er laga framlegg til forvaltingsplanar for naturreservata Myklebustvatnet (Herøy), Surna (Surnadal), Søysetøran (Surnadal) og Tjørnvågosen (Herøy). Desse vart sendt på høyring på slutten av 2013.

Kva er gjort?

Fylkesmannen har gjennomført tiltak for om lag 1,1 mill. kr i verneområda i 2013. Satsinga har vore størst på søppelrydding i strandsona, og fjerning av sitkagran, bergfuru og andre framande treslag.

Det har også vorte rydda annan vegetasjon i verneområda, og det er lagt til rette for beiting. Det er laga 9 nye informasjonstavler og eit fylkesvis kart for alle verneområda.

Fordeling på ulike typar tiltak 2013:



VERN: Uttak av sitkagran og bergfuru

Det er starta eit større prosjekt i Gule-/Stavikmyrane naturreservat og Sandblåst-/Gaustad-vågen naturreservat med uttak av dei utanlandske treslaga sitkagran og bergfuru. Føremålet er å opne myr- og heilandskapet og hindre at det gror att med framande artar.



Felt sitkagran i Gule-Stavikmyrane naturreservat

Skjøtselsarbeidet er gjennomført av grunneigarar, organisasjonar og lokale entreprenørar. Statens naturoppsyn sine tilsette har også utført fleire skjøtselstiltak. I nokon grad har ein leigd inn konsulentar til å planlegge tiltak, og det vert brukt grafiske firma til å lage brosjyrar og informasjonstavler. Fordelinga er om lag slik:

- Grunneigarar og lokale organisasjonar: 40 %
- Lokale entreprenørar: 40 %
- Konsulentar og grafisk: 15 %
- Utstyr, ymse tenester. 5 %

Dei største trugsmåla mot verneområda kjem frå gjengroing og framande artar. Leplantingar på kysten veks opp og spreier frø av sitkagran og bergfuru inn i verneområda. Bartrea fortrenger den naturlege vegetasjonen, og myr og kystlynghei går over mot ungskog. I innlandsområda er det gran og platanlønn som tek over. I tillegg veks den stadeigne lauvskogen fram. Kombinert med eit for lågt beitetrykk frå husdyr gjev dette mindre ope landskap. Viktige hekke- og beiteområde for fleire fugleartar forsvinn.

Dei framande artane rynkerose og parkslirekne spreier seg langs strender og vassdrag. Villminken er på retur, men gjer framleis stor skade i sjøfuglområda.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Ola Betten tlf 71 25 84 76, ola.betten@fylkesmannen.no

VERDSARV: Populær turiststi får millionløft



Steinbru over bekk – Foto: Statens naturoppsyn

Stien frå Vesterås – Storseterfossen i Geiranger er ein av dei mest populære i verdsarvområdet. Det har i lengre tid vore problem med erosjon og mange blaute parti på stien. Ei prosjektgruppe med Fylkesmannen, Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv, Statens naturoppsyn og kommunen har planlagt

tiltak på stien i samarbeid med grunneigarane. I 2013 fekk Geir Vetti og sherpaene hans oppdraget med å steinsette stien og lede vekk vatnet gjennom steinrenner. I løpet av året er eit stort arbeid lagt ned og strekninga som var i dårlegast stand er no ferdig utbetra. Arbeidet vil halde fram neste år. Det er hittil brukt 1,4 millionar kroner til arbeidet.

Kontaktperson:Rådgivar Geir Moen tlf. 71 25 84 71, geir.moen@fylkesmannen.no

VERN: Krevjande hogst ved Friaren

Ved den kjente fossen Friaren i Geirangerfjorden er det hogd ut eit granfelt i løpet av året. I det svært bratte terrenget var dette ei krevjande oppgåve. Oppdraget vart utført av Valldal bygdeservice på oppdrag frå Fylkesmannen/Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Bakgrunnen for hogsten er både at dette er eit landskapsvernområde der grana utgjer eit framandelement inntil fossen og at fossesprøytsoneene ved Friaren er registrert som ein svært viktig naturtype.



Før hogst (t.v.) og etter hogst (t.h).



Kontaktperson:Rådgivar Geir Moen tlf. 71 25 84 71, geir.moen@fylkesmannen.no

AVFALL: Fylkesmannens avdekka alvorlege brot på regelverk



Eksempel på anlegg med god kontroll. FOTO: Fmmr

Fylkesmannens kontroll avmottaks anlegg for farleg avfall gav nedslåande resultat. Fleire alvorlege brot på regelverk vart avdekka.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte hausten 2013 uanmeldte tilsyn ved 14 anlegg med løyve til å ta i mot og mellomlagre farleg avfall. Det vart ved fleire anlegg påvist omfattende brudd på krav i løyver og regelverk. Konklusjonen etter aksjonen er at bransjen som heilhet ikkje viser teikn til betring. Dette er eit nedslåande resultat. Fylkesmannen ser svært alvorleg på dette og vil følgje nøye opp dei anlegga som har mange alvorlege avvik.

Tilsyna var ein del av ein landsomfattande aksjon retta mot private og kommunale mottaksanlegg for farleg avfall. Formålet med aksjonen var å kontrollere om anlegga driv etter regelverket. Samstundes var det eit mål å sjå om bransjen har forbetra seg sidan sist aksjon i 2010, samt avdekke kva områder det eventuelt må rettast ekstra innsats for å betre tilstanden.

Områda som var kontrollert var mottakskontroll, handtering og lagring, vidare levering, utsleppskontroll og internkontroll. Det var eit stort spenn frå dei anlegga som dreiv best til dei anlegga som hadde dårlegast orden, men alle dei kontrollerte anlegga hadde to eller fleire avvik. En del anlegg hadde avvik på alle dei fem områda som vart kontrollert.

Intrykket etter aksjonen er at fleire anlegg har dårleg kunnskap og forståing av regelverket rundt farleg avfall. Noko som igjen fører til slurv og dårleg orden. Fylkesmannen vil følgje nøye opp dei anlegga som har mange alvorlege avvik. Vi vil sikre at alle anlegga driv på ein måte som er

miljømessegr forsvarleg og i tråd med miljøregelverket. Dersom ikkje anlegga ordnar opp innan ein rimeleg frist, vil Fylkesmannen følgje opp med strenge reaksjonar i form av tvangsmulkt og mulig politianmeldelse.

Det er sær s viktig at verksemdar og privatpersonar som leverar farleg avfall kan stole på at mottaksanlegga som tar i mot farleg avfall handsamar dette etter regelverket. Dersom denne tilliten svekkast, vil motivasjonen for å levere inn avfallet svikte.

Alle rapportane frå aksjonen er tilgjengeleg på nettstaden:

www.norskeutslepp.no

Mottaksanlegg i Møre og Romsdal som blei kontrollert i 2013:

Navn på anlegg	Kommune
Tofte gjenvinning	Molde
Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)	Volda
Norsk gjenvinning, avd Ørsta	Ørsta
Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS	Ulstein
Franzefoss Gjenvinning AS, avd. Hareid - farlig avfall	Hareid
Sunnmøre Transport AS - Sorteringsanlegg	Ålesund
Norsk Gjenvinning avd. Ålesund	Ålesund
Miljøkvalitet	Sykkylven
Norsk Gjenvinning - Husøya	Kristiansund
Logistikk og Baseservice, gjenvinning på Husøya	Kristiansund
Norsk Gjenvinning - Vestbase	Kristiansund
SAR - tankfarm på Vestbase	Kristiansund
Brødrene Bakk	Aure
HAMOS	Surnadal

Fakta om farlig avfall:

Farlig avfall inneholder helse- og miljøfarlige stoffer, og må håndteres riktig, slik at miljøgifter ikke skal spres og hope seg opp i naturen. Farlig avfall skal ikke blandes med annet avfall. Husholdninger og privatpersoner skal levere alt farlig avfall til kommunale mottaksordninger. Virksomheter skal deklare og levere farlig avfall til godkjente mottak. Miljødirektoratet gir tillatelser til innsamling og behandling av farlig avfall, mens Fylkesmannen gir tillatelse til mottak og mellomlagring av farlig avfall. Ved uhell og dårlig drift kan anleggene forårsake betydelig forurensning av grunn, luft, sjø og vann. Derfor er det helt avgjørende at anleggene har god kontroll på hva de mottar.


Kontaktpersonar: Overingeniør Anne Grete Kleven , tlf: 71258477,
anne.grete.kleven@fylkesmannen.no **Overingeniør Anne Melbø, tlf: 7125851,**
anne.melbo@fylkesmannen.no

MILJØ PÅ NETT: Korleis er miljøet der du bur?

Folk har rett til informasjon om miljøet. Dette er eit sentralt element for å ivareta miljøomsyn og la folk medverke til ei bærekraftig utvikling i eit demokratisk samfunn.

Retten til miljøinformasjon er nedfelt i norsk lov og byggjer på internasjonale konvensjonar. Som følge av dette legg miljøforvaltninga ned mykje arbeid i å oppnå openheit og best mogleg informasjon om sitt arbeid. Mykje av kunnskapen som miljøforvaltninga har om miljøet og dei avgjerdene forvaltninga tek, ligg tilgjengeleg i databasar på internett. Informasjon som er knytt til særskilde stader og område, kan ein ofte finne i ulike kartdatabasar.

Til dømes kan ein innbyggjar ved ein fjord i Møre og Romsdal finne informasjon om kva for naturverdiar som er registrert i fjorden i kartdatabasen [Naturbase](#). Om det er ei større verksemd der med utslepp til fjorden, så kan ein finne rapporterte utsleppsdata, løyve frå myndigheitene og resultat frå inspeksjonar på nettstaden [Norske utslipp](#). Myndigheitene si vurdering av utsleppet og den samla tilstanden til fjorden kan ein finne på nettstaden [Vann-nett](#). På [Miljøstatus](#) kan ein lese meir utfyllande informasjon om problemstillingar og miljøtema.



Eksempel: Kart frå Miljøstatus viser vassdrag med vandranbde laks samanstillt med industriverksmen der med rapporterte utslippsdata.

Det er miljøforvaltninga sitt mål å gje eit korrekt bilete av verkelegheita gjennom sine databasar og kart, men det er til tider utfordrande å samle nok kunnskap. Forvaltninga ønskjer derfor kommunikasjon begge vegar og at folk tek kontakt om dei saknar informasjon eller finn noko som er feil.

Nokre nettstader med miljøinformasjon:

Gis-link - kartfesta informasjon frå mange fagfelt, drifta av etatar i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Lenke: <http://www.gislink.no/>

Vann-nett - kunnskap om kva som verkar inn på vatnet vårt og faglege vurderingar av tilstand for vassførekomstane. Lenke: <http://vann-nett.no/>

Naturbase - kartfesta informasjon om utvalde natur- og friluftslivsområde, artar og naturtypar. Lenke: <http://www.naturbase.no>

Norske utslipp – Data om avfall og utslepp til luft og vatn i tillegg til løyve og inspeksjonsrapportar knytt til ei rekkje verksemdar. Lenke: <http://www.norskeutslipp.no>.

Miljøstatus - miljøkunnskap i en samanheng, tilstand, kva som påverkar den, konsekvensar og tiltak. Lenke: <http://www.miljostatus.no/>

Kontaktpersonar: *Overingeniør Mattis Mikkelsen*, tlf: 71258421,
mattis.mikkelsen@fylkesmannen.no

Rådgivar GIS-koordinator James Holtom, tlf: 71258439,
james.holtom@fylkesmannen.no

MUSLING: Kartlegging i kvar krok

Etter fem fantastiske somre med kartlegging i nær sagt kvar krok av Møre og Romsdal er det meste funnet og beskrevet. Elvemusling er ein trua art med egen forskrift som skal sikre bestandane og dei ulike forekomstane. I Europa er arten utdødd i store områder. Norge har derfor stor betydning, og Møre og Romsdal er et svært viktig område for elvemusling. Det har funnet stad årleg kartlegging av elvemusling (*Margaritifera margaritifera*) i Møre og Romsdal fra og med 2009 til og med sesongen 2013. Til saman 127 vassdragslokaliteter er granska. Desse er fordelt over heile fylket frå nord til sør og frå indre strøk til kyst. Elvemusling er vidt utbreidd over heile fylket. Mange livskraftige bestander, men og bestander av svakere styrke. Disse er det viktig å ha under oppsyn.



Kontaktperson: *Seniorrådgivar Leif Magnus Sættem* tlf 71258857,
leif.magnus.sattem@fylkesmannen.no

Landbruksavdelinga



Leiar: Landbruksdirektør Anne Berit Løset, tlf 71258126

anne.berit.loset@fylkesmannen.no

Fylkesmannen skal medverke til at den nasjonale landbrukspolitikken blir gjennomført ved hjelp av informasjon, forvaltning av verkemiddel og lokalt tilpassa tiltak.



Næringsutvikling med basis i jordbruk og skogbruk er sentrale samarbeidsområde. FOTO: Fmmr

Fylkesmannen samarbeider med ei rekkje andre organisasjonar, fylkeskommunen og kommunane. Næringsutvikling med basis i jordbruk, skogbruk og tilknytte næringar er sentrale samarbeidsområde.

Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen, Innovasjon Norge og kommunane om hoppid.no – ei felles satsing på entreprenørskap.

AVLING: Stor avlingssvikt i Møre og Romsdal



Stor avlingssvikt i Møre og Romsdal i 2013. Bildet viser vinterskade på jordbær i Valldal.

FOTO: Torbjørn Takle

Medan mange bønder opplevde rekordavlingar i 2012, har vekstsesongen 2013 synt seg frå ei heilt anna side. I Møre og Romsdal fekk vi stor avlingssvikt i dei fleste kulturar i 2013.

Vinteren starta med berrfrost; deretter kom det snø, men etter ein mildversperiode fraus det tjukke islag på all mark. I indre og høgare strøk av fylket vart det nesten ikkje grønt denne våren. Det var svart på eng og beitemark, ikkje berre på flatmark og i søkk, men i bratte bakkar hadde det også stått is, og grasmarka var daud. I andre område var det mindre dramatisk, grasmarka var kanskje ikkje heilt daud, men bøndene opplevde reduserte avlingar likevel. Enga var uttynna fordi enkelte grasartar i frøblandingane toler berrfrost og isbrann dårlegare enn andre.

I jordbæråkrane var det likeeins. Enkelte område var heilt øydelagde etter vinteren, medan andre felt var uttynna og plantene svekka. Avlingane vart katastrofale, heilt nede i 20-30 % av eit normalår. Bringebæra tolte vinteren betre, og avlingane vart ikkje reduserte i same grad som jordbæravlingane.

Erstatningsordningane etter avlingssvikt i jordbruket kan bøte på ein del av tapa bøndene får i slike år. Der det er store overvintringsskader på eng, kan bønder søkje om tilskot til utbetring av vinterskadd eng. Eigenandelen er på 20 %, slik at ein bonde som driv 500 daa må koste utbetringa av 100 daa sjølv først; deretter kan han søkje om tilskott til å utbetre det overskytande. I år var det 245 bønder i Møre og Romsdal som søkte om tilskot til utbetring av vinterskadd eng. Den hardast råka kommunen i fylket var Surnadal (61 søknader), men der var også mykje skade og mange søknader frå Stranda (27), Norddal (18), Nesset (14), Gjemnes (24), Rauma (28), Sunndal (19), Rindal (21) og Ørsta (19). Det er betalt ut i underkant av 5 millionar kroner hittil i år, til utbetring av vinterskadd eng.

Etter at avlinga er hausta og målt, kan bøndene søkje erstatning for avlingssskade, dersom avlingsreduksjonen er større enn 30 % av eit normalår. Det vil sei at ein bonde som driv 500 daa, må dekke tapet frå 150 daa sjølv, før han kan søkje om erstatning for den resterande avlingssvikten. Hittil i år har vi fått inn 88 søknader om erstatning etter avlingssvikt, av desse gjeld 33 søknader frukt og bær – i hovudsak jordbær - medan 51 søknader gjeld grovfôr. Det er i tillegg sendt inn 4 søknader om erstatning etter avlingssvikt i bygg, der vi også hadde ein utfordrande vekstsesong i 2013.

Vi har såleis fått inn totalt 333 søknader om erstatning etter vinterskade/avlingssvikt i 2013. Til samanlikning hadde vi 5 søknader i 2012.

Kontaktperson: Rådgivar Magna Bergem, 71 25 81 37 , magna.bergem@fylkesmannen.no

UTVIKLINGSARBEID: Prosjekt – eigen regi og samarbeid

Suksess med Gründercamp

Fylkesmannen samarbeider med Ungt Entreprenørskap om gründercampar med landbruksinnhald.

Føremålet med gründercamp er at elevane skal bli kjende med lokalt arbeids- og næringsliv, og få kunnskap om ulike yrke og utdanningsløp.

Gründercamp er trening i problemløysing ved hjelp av kreativitet og nytenking. Elevane vert delte inn i grupper på 4 – 5 personer, og får eit realistisk oppdrag frå næringslivet eller ein offentlig arbeidsplass som dei skal jobbe med.

I mars arrangerte ungdomsskulane i Molde gründercamp for alle elevane på 9. trinn. På Gjermundnes vidaregåande skule i oktober var temaet økologisk landbruk.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Synnøve Valle, tlf. 71 25 81 58, synnove.valle@fylkesmannen.no

Best på fôr

Møre og Romsdal er eit grasfylke. Derfor er det avgjerande for økonomien på gardsbruka at kvaliteten på grovfôret er godt og at kostnadene ved å produsere grovfôret vert lågast muleg. Korleis auke kvaliteten på grovfôret slik at det økonomiske resultatet på garden vert betre? Eit prosjekt i regi av Norsk Landbruksrådgiving og Tine har som mål å auke grovfôrkvaliteten og grovfôrmengda. Femten gardbrukarar per år i tre år får tilbod om å delta. Dei som får vere med i prosjektet, blir ein del av eit fagmiljø og ei diskusjonsgruppe og kan seinare fungere som «fyrtårn» i bygda elles.



Faksimile Romsdals Budstikke 26. oktober


Prosjektet har pågått i eitt år og rettleiarar ser alt gode effektar av den samordna rådgjevinga.

Kontaktperson: Rådgivar Marianne Aas Halse, 71 25 81, fmmrmaha@fylkesmannen.no

JORDVERN: Jordvernet i hardt vèr

På landsbasis vart det i 2012 omdisponert 6 600 dekar dyrka jord og 4 600 dekar dyrkbar jord til andre føremål. Målet om å redusere omdisponering av dyrka jord til under 6000 dekar er dermed nesten innfridd. Det vart omdisponert om lag like mykje dyrka jord i 2012 som i 2011, medan for dyrkbar jord auka omdisponeringa med 700 dekar frå 2011 til 2012.

Møre og Romsdal har i 2012 totalt omdisponert 818 dekar dyrka- og dyrkbar jord, fordelt på 253 dekar dyrka jord og 565 dekar dyrkbar jord. På landsbasis er Møre og Romsdal det tredje verste fylket når det gjeld omdisponering av jordbruksareal, der berre Hedmark og Sør-Trøndelag overgår oss.



Figur 1 Tabellen viser omdisponert dyrka- og dyrkbar jord etter jordloven og plan- og bygningsloven i Møre og Romsdal perioden 2005 – 2012. Kilde: SSB

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2012 i totalt 13 saker ved høyring signalisert at vi vil vurdere å klage dersom dispensasjon vert gitt. 6 av desse sakene er enda ikkje avgjort i kommunane. I 5 av

sakene har kommunen vore einig med fylkesmannen, og gitt avslag på søknad eller justert tiltaket til fordel for jordvernet.

Dermed er det berre 2 saker der fylkesmannen har klaga i høve jordvern, som har endt med at vi har fått medhald anten hos kommunen sjølv eller hos settefylkesmann. Fylkesmannen har ei viktig rolle som høyringsinstans knytt til plan- og bygningslova i høve til jordvern.

Kontaktperson: Fylkesagronom Kristin Eide, tlf: 71258135/47879929,
kristin.eide@fylkesmannen.no

FORUREINING: Mindre avrenning med nytt miljøprogram

Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal skal møte mange av dei miljøutfordringane som landbruket i fylket vårt står overfor. Programmet har ei ramme på om lag 18 millionar kroner pr år og bøndene kan søkje om tilskott til ulike miljøtiltak som dei gjennomfører på garden sin, for eksempel stell av kulturminne, miljøvennleg gjødselspreiing og seterdrift.


Dei siste åra har det vore mykje merksemd rundt bruk og handtering av husdyrgjødsel. Dette er viktig i samband med avrenning og vasskvalitet, klimagassproblematikk og ressursforvaltning. Derfor vart det i Regionalt miljøprogram 2013 betalt tilskott til bønder som spreier husdyrgjødsel før 10. august. I tillegg kan det gjevast tilskott til spreieing av gjødsel med tilførselsslangar i staden for tankvogn.

Bøndene i fylket har vist stor interesse for dei nye prioriteringane. Mange har strekt seg etter å spreie tidleg og avslutte spreieing av husdyrgjødsel før fristen 10. august, og på den måten medverka til å redusere avrenning av verdifulle næringsemne.

Det er søkt om tilskott til tidleg spreieing på ca. 108.000 daa, og det er brukt tilførselsslangar på nesten 10.000 daa. Dette er meir enn venta, og interessa tyder på at fleire vil skaffe seg større gjødsellager og dermed kunne tilfredsstille krava frå neste år.



Mange miljøutfordringar i landbruket.



Kontaktperson: Rådgivar Arnold Hoddevik, tlf. 71 25 81 54, arnold.hoddevik@fylkesmannen.no

REGIONALT MILJØPROGRAM: **Nytt fagsystem**

I samband med revidering av miljøprogrammet har Statens Landbruksforvaltning fått utvikla nytt, moderne fagsystem, som er distribuert via nettlesaren. Ein av dei store fordelene er at søkjarane no kan levere søknaden sin via internett.

Den nye fagsystemet har integrering mot gardskartet.

Det er visuelt lett å forstå og framtidsretta, men byr også på utfordringar for både søkjarar og forvaltning. Kartløyisinga er utvikla i samarbeid med Norsk Institutt for skog og landskap.

Kartintegreringa føreset at alle tiltak det blir søkt om tilskot til, skal teiknast inn i kartet. Dette har truleg vore hovedutfordringa for både søkjarar og kommunane hausten 2013.

Alle kommunane i fylket la ned ein stor innsats i å hjelpe søkjarane med å få registrert søknadane og deretter behandle søknadane.

Kontaktperson: Rådgivar Arnold Hoddevik, tlf. 71 25 81 54, arnold.hoddevik@fylkesmannen.no

KORTREIST MAT: Auka etterspørsel etter spesialitetar



Frå venstre: Jan Roger Blø fra Classic Norway, Kristi Pernille Indreiede, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Ruth Marit Pe3dersen frå Klippfiskakademet med lokale spesialitetar.

Mange av dei etablerte småskala-produsentane opplever no at dei ikkje lenger har kapasitet til å dekkje etterspørselen. Tida er inne for ei ny mobilisering for å få fleire «matgründerar» her i fylket.

Det er snart eit hundretals produsentar av matspesialitetar i Møre og Romsdal, og det kjem stadig nye produkt. Etterspørselen etter kortreist mat er stigande, både frå forbrukarar og frå hotell- og restaurantbransjen. Økologisk mat er også på full fart inn i norske heimar og storkjøkken. I 2012 auka salet med 17 %. Det er svært viktig at vi kan møte denne etterspørselen med norske og lokale produkt!

For å gjere dei økologisk produkta meir tilgjengelege, vil Fylkesmannen legge til rette for ei sterkare samordning av tiltaka mot småskala og økologisk matproduksjon. Det første felles-tiltaket er matkurset «MRmat» på Borgund vgs. i februar 2014. Matnavet i Midt-Norge har det faglege ansvaret for kurset.

Frå matnettverk til klyngesamarbeid

Lokale menyar basert på lokal matkultur får stadig betre fotfeste på norske restaurantar. Mange av produsentnettverka har difor endra seg til klynger av produsentar og kjøkkensjefar som samarbeider om å få dei lokale spesialitetane på bordet. I denne marknaden er kvalitet og kunnskap til produksjonen viktigare enn pris og leveringstid.

Matkultur for framtida

Det siste året har Fylkesmannen samarbeidd tett med Klippfiskakademiet for å få i gang prosjektet «Fisk og tradisjonsmat for barn og unge». Målet er å gje barn og ungdom i fylket betre kunnskap om lokal matkultur, lokale råvarer og ikkje minst dei helsemessige gevinstane ved sunn mat. Tiltaka vil også rette seg mot restaurant- og matfaglinjene på vidaregåande nivå for å styrke kunnskapen innanfor næringa, slik ein man kan ta vare på mattradisjonane frå regionen i framtida.

Kontaktperson: Rådgivar Kristi Pernille Indreide, tlf 71258144,

kirsti.pernille.indreide@fylkesmannen.no

INN PÅ TUNET: Pris til Inn på tunet-bonde

Inn på tunet- bonden Trond Hide frå Gjerdsvika i Sande fekk Bygdeutviklingsprisen 2013.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt eit treårig Inn på tunet prosjekt. Inn på tunet er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gi mestring, utvikling og trivsel. Aktivitetane i tilbodet er knytt til garden, livet og arbeidet der.



Trond Hide

Prosjektet har hatt fokus på å utvikle Inn på tunet som næring, og legge til rette for godt samarbeid mellom kjøparar og tilbydarar av tenester. Prosjektet har lagt til rette for nettverksarbeid, erfaringsutveksling og kompetansebygging. I den siste fasen av prosjektet har kvalitetssikring og dokumentasjon fått særleg stor plass.

Prosjektet har hatt utstrakt samarbeid med både regionale og nasjonale aktørar, og delar av aktiviteten har gått på å utvikle tenester og aktivitetar som passar inn mot nasjonale satsingar. Inn på tunet løftet, og Helsedirektoratet si satsing mot kommunane på demensområdet er eksempel på slike tiltak. Matmerk har etablert

ein nasjonal elektronisk møtestad, der tilbydarar kan vise seg fram (www.matmerk.no).

Inn på tunet bonden Trond Hide frå Gjerdsvika i Sande fekk Innovasjon Norge Møre og Romsdal sin Bygdeutviklingspris 2013. Overrekkinga skjedde på Dyregoddagane i Gjemnes i august 2013. Trond Hide eig og driv Bøen Gard der han tek imot og arbeider med personar som treng tilrettelagte velferdstenester. Hide fekk prisen for god bedriftsutvikling der han nytta garden, sine egne og lokale ressursar.

Kontaktperson: Rådgivar Aud Lindset Drågen, tlf 71258131,

aud.lindset.draagen@fylkesmannen.no

JORD: Millionar til drenering

Bønder i Møre og Romsdal har fått løyvt over 3,2 mill kr i tilskotsmidlar til drenering av tidlegare grøfta jord. Dette utløyser samla investeringar på over 20 mill kr til desse arbeida og det vil føre til ny drenering på ca 3200 dekar. Søknadane, 166 stk, gjeld både eiga jord og leigejord. Ordninga gjeld systematisk grøfting, profilering, omgraving med skråstilte lag og opne grøfter.



Frå Sunndal kommune. Foto: Ivar Bakken

Dreneringstiltak gjort dei seinaste 10 åra har vore mindre enn trongen. Dette har tært på jordkapitalen og ført til eit oppsamla dreneringsbehov.

Føremålet med denne ordninga, som var ny frå sommaren 2013, er å betre kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord for å auke jordbruksproduksjonen. Det er også eit mål å redusere risikoen for erosjon og avrenning til vatn og vassdrag. Bøndene er med desse tiltaka med på å nå dei nasjonale måla innan auka matproduksjon, reduserte klimagassutslepp frå landbruket og redusert næringsutslepp til vatn og vassdrag.

Kontaktperson: Fylkesagronom Byrge Fitje, tlf 71258135/4787992, byrge.fitje@fylkesmannen.no

SKOG: Tredrivaren skal auke bruk av tre i bygging

Tredrivaren har mål om å bidra til auka bruk og kompetanse om tre som bygningsmaterieill, samt bidra til å utvikle treindustrien.

Satsinga er eit samarbeidsprosjekt med Innovasjon Norge, Møre og Romsdal skognæringsforum, Møre og Romsdal arkitektforening, Trefokus og fylkeskommunen der Fylkesmannen er prosjekteigar. Ved å etablere kontakt med konkrete utbyggingsprosjekt vil kompetansen om bruk av tre auke blant både byggherre, arkitekt, ingeniør, entreprenør og treindustrien. Døme på aktuelle prosjekt er Romsdal Vidaregåande skule, Skimuseumet i Rindal og Romsdalsmuseet.

Kontaktpersonar: Fylkesskogmeister Kåre Kristen Totlund, tlf. 71 25 81 27, kare.kristen.totlund@fylkesmannen.no

SKOG: Glimrande gran på Nordvestlandet

Grana på Nordvestlandet har svært gode eigenskapar, minst like gode som grana på Østlandet og i Trøndelag. Dette viser ein råvareanalyse for områda nord for Sognefjorden til og med Møre og Romsdal fylke.

Prosjektet Tredrivaren i Møre og Romsdal har i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane utført ein råvareanalyse for gran i områda nord for Sognefjorden til og med Møre og Romsdal fylke. Arbeidet er utført av Silvinova AS og Silvi Forum AS. Analysen har sett nærare på dei ulike virkeskvalitetane og foreslått produkt som grana er eigna til. Resultata viser at grana har gode virkeseigenskapar og eit stort bruksområde. Den har god styrke, gode fibereigenskapar, høg mengde friskkvist, mindre kvistdiameter, lang kvistkransavstand, god stammeform, og omtrent ingen kvaelommer og rotråte.



I Møre og Romsdal ble store areal tilplanta med gran på 1950 – og 60 talet. Denne skogen begynner no å bli hogstmoden. Strategiplanen for skogbruket i Møre og Romsdal har mål om å legge til rette for ei avverking til industrien på 350.000 m³ i 2025. Dette krev ei dobling av dagens avverkningsnivå. Resultata frå råvareanalysen viser at vekstforholda er gode og fleire bestand i analysen har ein

tømmermengde på over 70 fm³ dekar, noko som er langt meir enn i sentrale skogstrok. Dette viser at potensialet for avverking framover i realiteten er større enn måla i Strategiplanen.

Det er i dag ingen foredlingsindustri for gran i Møre og Romsdal, men god kvalitet og kommande volum skapar eit handlingrom for etablering av ny industri og auka verdiskaping.

Kontaktpersonar: *Fylkesskogmeister Kåre Kristen Totlund, tlf. 71 25 81 27, kare.kristen.totlund@fylkesmannen.no*

DAGMAR: Avverkningsnivå – avslutning Dagmar

Mesteparten av den stormfelte skogen er no averka. Til no er det hogd omtrent like mykje som i heile fjor (ca. 180 000 m³). Ein del av dette skuldast Dagmarstormen, men det har og vore aukande hogst av ståande skog, spesielt i Romsdal og på Nordmøre. Det blei i 2012 innført eit ekstraordinært driftstilskot til opprydding av stormfelt skog. Tilskotet har vore viktig for å få rydda i område med høge driftskostnader. Det er i 2013 brukt om lag 5 millionar til ekstraordinært driftstilskot. Størstedelen har gått til taubanedrifter.

Kontaktperson: *Fylkesskogmeister Ivar Egil GjØra tlf 71 25 82 09, ivar.egil.gjora@fylkesmannen.no*

KYSTSKOG: Meir hogst

Møre og Romsdal har aktivt deltatt i samarbeidet om Kystskogbruket, eit prosjekt der 10 fylke frå Vest Agder i sør til Finnmark i nord samarbeider med aktørar i den trebaserte verdikjeda med mål om auka verdiskaping frå kystskogane. Dette er ei samordning av innsats mellom fylkeskommunar, FMLA og industri for å auke hogsten, meir bruk av eige råstoff frå skogen til erstatning for importert trelast i treindustrien og sikre råstofftilgang til fiberbrukande skogindustri i kystregionen

Kontaktperson: Fylkesskogmeister Odd Løset tlf. 71 25 82 12, odd.loset@fylkesmannen.no

PLANTING: Meir ungsogpleie

Det har vore markant auke i hogsten dei siste åra. Etter hogst er skogeigarane pliktig til å få opp at ny skog på avverka areal. Problem med gransnutebille gjer at vi ventar tre år etter hogst med planting. Skogeigarane må no derfor auke plantinga merkbart for å oppfylle foryngelsesplikta. Dette gir utfordringar med tanke på plantemengde og plantekvalitet, samt arbeidskraft. Område med lite skogbrukstradisjonar krev meir pådrivaraktivitet for å få gjennomført skogkultur enn elles. Det har også vore ein nedgang i tal tilsette med skogkompetanse i kommunane. Tala for i år syner så langt auka aktivitet i høve til både planting og ungsogpleie.

Kontaktperson: Fylkesskogmeister Odd Løset tlf. 71 25 82 12, odd.loset@fylkesmannen.no

SKOGSVEG: Stor interesse for bygging av skogsvegar

Skogen på kysten ligg gunstig til med tanke på eksport av tømmer, og sjølv om vi merkar nedbygging av industri i Norge er det stor etterspørsel frå utanlandske kjøparar. Vi ligg allereie på etterskot med å legge til rette for økt avverking, først og fremst fordi vi manglar skogleg infrastruktur, velteplassar og standplassar for taubane, men også fordi det offentlige vegnettet er til hinder for effektiv tømmertransport. Planteaktiviteten i Møre og Romsdal var størst på 50- og 60-talet og avverkinga vil derfor bli størst frå 2020-2030. Det vil krevja ei opptrapping av infrastrukturbygging fram mot 2020. I Møre og Romsdal må satsingsområdet difor være utbetring av offentlige vegnett, skogsvegutbygging, og fleire tømmerkaier, eller mobile kaier. Tømmer som skal transporterast med båt, kan av omsyn til kostnaden ikkje fraktast meir enn 40 km med bil inn til kai.

Det er løyvd om lag 4 millionar kr. til bygging av skogsvegar i fylket i år. Fleire søknader ligg på vent sidan det ikkje er meir tilgjengelege tilskotsmidlar dette året. Det manglar ca. 3 mill. tilskotkroner for å realisere desse prosjekta. Det er i 2013 ferdigbygd 17 km skogsbilveg og 3 km traktorveg.

Det er i dag ein vegtettleik på 5 meter skogsbilveg pr. hektar. Eit langsiktig mål er å doble vegtettleiken pr. hektar produktiv skogsmark.

Skal vi lukkast med å bygge ut eit effektivt vegnett, er det ein føresetnad at vi kan yte tilskot til vegprosjekta.

Kontaktperson: Fylkesskogmeister Ivar Egil GjØra tlf. 71 25 82 09, ivar.egil.gjora@fylkesmannen.no

SMÅNYTT: Samarbeid med Sogn og Fjordane

Saman med Sogn og Fjordane har Møre og Romsdal etablert prosjektet Vel Skog Nordvest. Vel Skog Nordvest har til føremål å rekruttere fleire søkjarar til skogfagleg utdanning i dei to fylka.

Det er etablert ein skogring i fylket. Den famnar åtte «nye» skogeigarar frå Molde og kringliggjande kommunar. Ringen er leia av Arne Kvendseth, Aktivt skogbruk instruktør, som skal bidra til auka kompetanse om skog og skogbruk.

Kaia på Malo i Molde er prioritert i høve til søknad om støtte til oppgradering av kaianlegget. Malo er ein viktig tømmerkai i fylket. Kaia er ein av fem tømmerkaier i Noreg som blei prioritert i høve til statlege tilskotsmidler i haust. Håjem i Skodje fekk tilsvarende midlar i fjor.

Det er arrangert 17 skuleskogdagar i regi av Skogselskapet i Møre og Romsdal i 2013. Ein skuleskogdag føregår ute i skogen har stor variasjon i innhald omkring skog og natur. Dette er eit populært tilbod til grunnskulane, og heile 42 skular meldte si interesse. Dei som ikkje fekk tilbod i år, vil bli førespurt i 2014.

Kontaktperson: Fylkesskogmeister Odd Løset tlf. 71 25 82 12, odd.loset@fylkesmannen.no

Oppvekst- og utdanningsavdelinga



Leiar: Utdanningsdirektør Alv Walgermo, tlf. 71258815, 45225967 (mob)

alv.walgermo@fylkesmannen.no

Fylkesmannen skal bidra til at det blir heilheit og samanheng i tiltaka retta mot barn og unge slik at dei får sine rettar oppfylt og at dei får ei god opplæring og eit godt oppvekstmiljø i barnehagar og grunnopplæringa i fylket vårt. Dette gjeld også vaksenopplæringa.



Fylkesmannen har fokus på godt oppvekstmiljø.

Fokus på førebygging og tidleg innsats blir viktig slik at barn og unge får rett tiltak, på rett måte og til rett tid. Det krev nok tilgang til kvalifisert personalet i barnehage og skule, og høg kompetanse i desse to sektorane, noko Fylkesmannen ønsker å bidra til. Det er utarbeidd strategiplanar for kompetanseutvikling for ulike grupper i barnehage som assistentar, barnehagelærarar og styrarar, og for lærarar, skuleleiarar, tilsette på pp kontor m. fl. Fylkesmannen ser det også som viktig å ha sterke kompetansmiljø i fylket som kan utdanne personalet og at barnehagar og skular har god tilgang på støtte/etter- og vidareutdanning – her spelar bl.a. Høgskulen i Volda er sentral rolle.

Barnehageeigarar og skuleeigarar har ansvar for at personalet får skoloring og at elevane/foreldre får sine rettar oppfylt. Tilsyna dei siste åra viser at mange kommunane har ein veg å gå for å oppfylle krava i lov og forskrifter. Derfor innfører vi ein ny strategi i samband med det felles nasjonale tilsynet som blir gjennomført på skule/kommunane i åra som kjem. Vi bruker det første halvåret til å rettleie og skolere i regelverk som dekkjer tilsynsområdet vi har valt ut, så får skuleeigarane høve til å kontrollere om dei følgjer lovverket gjennom ei eigenvurdering og event. justere eigen praksis, deretter gjennomfører fylkesmannen tilsyn. Vi trur at dette vil medføre at kommunane arbeider betre med å rette opp ulovlege forhold før vi kjem ut med tilsyn. I tillegg vil vi også drive med hendelsesbaserte tilsyn dersom vi ser lovstridige forhold.

Fråfallet i vidaregåande skule er stort og det blir sett inn mange tiltak for å redusere det. Eitt av tiltaka er å ha fokus på at alle elevane skal tileigne seg grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning så tidleg som muleg. Eit anna tiltak er betre oppfølging av den enkelte elev gjennom betre vurderingsformer. På den måten har dei større føresetnader for å tileigne seg fag, og kome seg gjennom vidaregåande opplæring. Vi veit at motivasjonen til elevane går ned frå 5. trinn og til 10 trinn. Frå sentralt hald er ein no i gang med ei storsatsing med å støtte ungdomsskulane slik at opplæringa blir meir praktisk og variert, og andre motiveringstiltak i vidaregåande skole slik at elevane får gjennomført grunnopplæring. Skulemiljøet er også av vesentleg betydning for trivelsen, og arbeid for å forebygge mobbing og krenkande atferd er framleis eit satsingsomåde.

I pressemeldingane nedanfor vil vi gå nærmare inn på nokre av dei områda som er nemnt ovanfor.

BARNEHAGE: Framtidas barnehage – ny strategi

Med strategien «Kompetanse for framtidens barnehage 2014 – 2020» har barnehageeigar no høve til langsiktig planlegging av kompetanse- og rekrutteringstiltak.

Kompetanse er den viktigaste faktoren for kvalitet i leike- og læringsmiljøet. Barnehageeigar har ansvaret for at dei tilsette har den kompetansen som krevst.

Ein god barnehage krev kompetente leiarar og fagleg reflekterte vaksne! For å følgje opp barna si utvikling og leike- og læringsmiljøet, er kompetanse nødvendig. Å investere i kompetansen til dei tilsette er difor å investere i barna!

System for kompetanseutvikling

Med den nye kompetansestrategien for perioden 2014 – 2020 har ein no høve til langsiktig planlegging. Strategien inneheld tiltak for alle grupper tilsette og viser karrierevegar i eit system for kompetanseutvikling. Tiltaka er både individuelt og kollektivt innretta, og spenner frå barnehagefagleg grunnkompetanse til master- og doktorgradsprogram. Med tiltak som er både individuelt og kollektivt innretta vil ein kunne vidareutvikle barnehagen som



God barnehage krev kompetente vaksne.

lærande organisasjon.

Bli barnehagelærer!

I Møre og Romsdal er talet på pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet for høgt, jf tabell nedanfor).

MØRE OG ROMSDAL - utvikling siste 3 år

Dispensasjon ansatte i barnehagene	2010	2011	2012
Pedagogiske leiarar med godkjent utdanning	893	922	985
Antall pedagogiske leiarar	1 099	1 156	1 259
Andel på dispensasjon frå utdanningskravet	19,9 %	19,8 %	20,7 %

Det er fleire «vegar å gå» for å utdanne seg til barnehagelærer! På Høgskulen i Volda tilbyr dei fleire studie for dei som ønskjer å arbeide som barnehagelærer, pedagogisk leiar og styrar i barnehage.

- | |
|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Antal barnehagelærerstudentar (ferdig utdanna hausten 2013) : 40• Antal barnehagelærerstudentar (ferdig utdanna våren 2014) : 38 |
|--|

Ny barnehagelærerutdanning

Ny barnehagelærerutdanning starta opp hausten 2013. Innhaldet i den nye utdanninga skal gjere studentane betre rusta til å jobbe i framtidens barnehage. Utdanninga endrar seg frå å vere ei fagbasert utdanning til ei utdanning bygd opp rundt fleirfaglege kunnskapsområde. Leiing står sentralt i utdanninga. Studietilboda er innretta både med tanke på dei som ønskjer å starte studiet etter vidaregåande skule og assistentar og barne- og ungdomsarbeidarar som arbeider i barnehage. Utdanninga er 3- eller 4-årig.

Barnehageeigar sitt ansvar

Barnehageeigar skal drive barnehagen i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, og må sørge for å ha den andelen pedagogar som barnehagelova §§ 17 og 18 og forskrift om pedagogisk bemanning krev. Når barnehageeigar ikkje oppfyller krava, bør det vere planar for korleis slik kompetanse skal rekrutterast, anten utanfrå eller ved å kvalifisere eigne tilsette til barnehagelærarar.

Kontaktpersonar: Seniorrådgivar Maren Ørjasæter Aaland, tlf. 71258455,

maren.ørjasater.aaland@fylkesmannen.no

TILSYN: Betre tilsyn skal sikre elevrettane

Tilsyna på oppvekstområdet har dei siste åra utvikla seg med større innslag av rettleiing i tillegg til lovlegkontroll.



Betre tilsyn skal gi betre læringsutbytte for elevane.

Den nye tilsynsmetodikken for oppvekstsektoren, som vil bli tatt i bruk frå nyttår 2014, vil innehalde eit strukturert opplegg for rettleiing og kompetanseutvikling om kva regelverket for sektoren betyr for praksis, kva som er rett tolking. Dette er ein strategi for å betre regeletterlevinga og dermed i større grad sikre elevrettane.

Felles nasjonale tilsyn (FNT) i grunnsopplæringa er tilsyn som blir gjennomført likt over heile landet. For perioden 2014-2017 vil FNT handle om kjerneverksemda i skulen og om skulen sin forvaltningspraksis. Hovudtema vil vere:

- Korleis skulen arbeider med elevane sitt utbytte av opplæringa
- Forvaltningskompetanse (saksbehandlinga)
- Skulebasert vurdering (skulen si vurdering av korleis eigen praksis fremjar elevane si læring)

Det vil på ulike måtar bli gitt rettleiing/ skulering i dei sentrale tema nemnt over. Fylkesmannen vil informere på kurs/ konferansar og i sine møte med sektoren. Det er utarbeidd rettleiingsmateriell som vil vere tilgjengeleg for sektoren, og som gjer det tydeleg kva som er forventa av skulen og lærarane i arbeidet med elevane sitt utbytte av opplæringa. I tillegg blir det gjort tilgjengeleg materiell og metodikk for eigenkontroll. Med dette kan skular og kommunar på ein enkel og tydeleg måte sjekke eigen praksis opp mot rettslege krav på sentrale område. Fylkesmannen ser gjennom sin kontakt med sektoren at skular kan oppfatte sentrale krav som eit krav om omfattande papirarbeid

og «planmakeri». Bete innsikt i kva som faktisk ligg i krava vil vere hjelp til kunne prioritere oppgåver som fremjar læring for elevane.

Tilsyn frå Fylkesmannen vil på nemnde tema først skje etter at sektoren har hatt mulegheit til å sjekke og eventuelt justere eigen praksis dersom dei har funne det nødvendig. Utval av tilsynsobjekt vil skje på grunnlag av ei risikovurdering. Med denne endringa meiner vi den samla tilsynsverksemda vil ha større effekt på at elevane sine rettar blir oppfylt og såleis indirekte på elevane sitt læringsutbyte.

Kontaktpersonar: Ass. direktør Jørn Thomassen, tlf. 258064, jorn.thomassen@fylkesmannen.no

SYMJING: Kommunar på djupt vatn

Vi har gjennomført tilsyn med symjeopplæringa i nokre kommunar. Det viser at kommunar/skular ivaretar tryggleiken til elevane med nok tilsynspersonar m.m., men manglar eit forsvarleg internkontrollsystem som tek i vare symjeopplæringa. Det gjeld t.d. planar eller retningslinjer for symjeopplæringa for å vurdere om krava i opplæringslova med forskrifter blir følgt (nok timar i basseng for å nå kompetansemåla i læreplanen). Vi ser også at nokre skular manglar skriftlege rutinar for å sikre at lærarane systematisk vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av symjeopplæringa.



Kontaktperson: Rådgivar Jorunn Øen Nesje, tlf. 71258924, jorunn.oen.nesje@fylkesmannen.no

NORSKOPPLÆRING: Introduksjonsordning

Frå 2012 har fylkesmennene fått ansvar for tilsyn med kommunane si forvaltning av Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarak. Tema for tilsynet i 2013-2015 er om introduksjonsordninga er heilårig og på full tid. Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte ei rettleiarsamling for kommunane på dette området våren 2013 og har gjennomført tilsyn med to kommunar hausten 2013, Sunndal og Haram. Begge kommunane stettar introduksjonslova sitt lovkrav på dette området. Ytterlegare 2-3 kommunar vil bli gjenstand for det same tilsynet våren 2014.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Liv Marie Opstad, tlf. 71258822, liv.marie.opstad@fylkesmannen.no

LÆRINGSMILJØ: Nulltoleranse for mobbing og krenkande åtferd

Også i 2014 og framover må skulane ha fokus på nulltoleranse for mobbing og krenkande åtferd.



Elevane sitt læringsmiljø har vore tema for det nasjonale tilsynet i perioden 2010 - 2013. Skulen sitt førebyggjande arbeid og handlingsplikt ser stort sett ut til å vere i orden, men få skular fattar enkeltvedtak når dei får oppmoding om tiltak frå elevar/foreldre. Elevråd, foreldreråd og samarbeidsutval er stort sett på plass, men skulemiljøutval manglar på mange skular. Også i 2014 og framover må skulane arbeide for eit godt skulemiljø med nulltoleranse for mobbing og krenkande åtferd. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd mange gode nettressursar om skulane sitt læringsmiljø på www.udir.no/laringsmiljo

Kontaktperson: Seniorrådgivar Ole Arne Opstad, tlf. 71258820, ole.arne.opstad@fylkesmannen.no

UNGDOMSKULE: Meir praktisk og variert undervisning

Frå hausten 2013 til 2017 skal alle ungdomsskulane i landet få tilbod om å delta på skulebasert kompetanseutvikling. Det blir ein utviklingsprosess som skal foregå på den enkelte skule med utgangspunkt i val av ulike tema som klasseleiing, lesing, skriving og rekning, og alle leiarar og lærarane skal vere med. Pulje 1 starta frå hausten med 5 kommunar med 8 skular i vårt fylke. Neste år følgjer nye skular. Det skal tilsettast fire utviklingsretteleiarar, ein i kvar region, som skal støtte skuleeigar med arbeidet. Høgskulen i Volda er hovudtilbydaren i vårt fylke og har laga ein god strategi for eit utviklingsprogram med planlegging, oppstart og gjennomføring og oppfølging. Fylkesmannen har store forventningar til denne satsinga.



Innføring av valfag

Det er innført i alt 14 valfag i ungdomsskolen. Valfaga skal medverke til at elevane styrker lysta til å lære og oppleve meistring gjennom praktisk og variert arbeid.

Av dei nye valfaga er det flest elevar som vel «fysisk aktivitet og helse». Deretter kjem «sal og service» og som nr 3 «design og redesign». Spansk er det mest populære faget blant framandspråka på alle klassetrinn i ungdomsskolen. Deretter kjem tysk og engelsk fordjupning.

Arbeidslivsfaget – Nytt praktisk fag i ungdomsskolen

Forsøk med arbeidslivsfag i ungdomsskolen (ALF)- eit svært motiverande fag seier dei som deltek! Følgjeforskinga seier at nøkkelen til suksess er at faget representerer ein alternativ læringsarena i skolen som gir meistring til fleire.

Faget er eit 3 årig forsøk med eit praktisk fag elevane kan velje som eit alternativ til framandspråk (tysk, fransk, spansk) og fordjuping i norsk, engelsk eller samisk. ALF skal ha ei praktisk tilnærming der ein vel emne frå yrkesfaglege program frå vidaregåande skole tilpassa ungdomstrinnet. Elevane skal bli kjent med praktiske yrke og dei skal lage produkt og yte tenester. 133 skolar og 82 kommunar deltek. I fylket vårt deltek 8 skolar frå følgjande kommunar: Vanylven, Fræna og Kristiansund. Forsøket vart så godt motteken at myndigheitene forlenga forsøksordninga. Frå 2012 kunne alle skoleeigarar tilby arbeidslivsfaget.

Kontaktpersonar: *Rådgivar Jorunn Øen Nesje, tlf. 71258924,*
jorunn.oen.nesje@fylkesmannen.no

Seniorrådgivar Liv Marie Opstad, tlf. 71258822,
liv.marie.opstad@fylkesmannen.no

VIDAREUTDANNING: Stor satsing på matematikk og naturfag

På landsbasis får 20 % fleire lærarar vidareutdanning i år enn i fjor – mot 10 % i Møre og Romsdal. 22 kommunar, fylkeskommunen og 5 privatskular har denne hausten fått statlege midlar til delfinansiering av vikarmidlar for vidareutdanning innan sentrale fag for til saman 80 lærarar. Søknaden var på 170 lærarar i vårt fylke, så over halvparten er blitt avvist frå skuleeigarane sine. Sidan starten i 2009, er det 10 skuleeigarar i Møre og Romsdal som har delteke i alle 5 åra, medan 6 kommunar aldri har delteke i den nasjonale vidareutdanningsstrategien. Tabellen under viser deltaking frå 2009 og fram til i dag:

Studieår	Kommunar	F.kommune	Privatskolar	Godkjende lærarar	Lærarar Hausthalvåret	Lærarar Vårhalvåret
2009/10	22	1	1	63	60	58
2010/11	24	1	3	67	66	64
2011/12	15	1	2	57	50	53
2012/13	22	1	4	74	69	69
2013/14	22	1	5	81	80	?

I den første 3-årige strategiperioden var finansieringsordninga 40:40:20, der stat og skuleeigar betalte like mykje kvar, og den enkelte lærar 20 %. Frå 2012 vart ordninga endra til 50:25:25, der staten tok ein høgare del av utgiftene. Dette førte til deltaking av litt fleire lærarar, men ikkje nok.

Den nye kunnskapsministeren har derfor proklamert at staten vil auke sin innsats til heile 75 % i realfag og 60 % i dei andre faga. I tillegg vil han stimulere lærarar gjennom gode stipendordningar til å ta vidareutdanning i matematikk og naturfag.

Kontaktpersonar: Seniorrådgivar Liv Marie Opstad, tlf. 71258822, liv.marie.opstad@fylkesmannen.no

Rådgivar Reidun Nedrebø, tlf. 71258133, reidun.nedrebo@fylkesmannen.no

VURDERING: Historisk brei satsing i Møre og Romsdal

Frå februar 2013- juni 2014 deltek 21 kommunar tre private skular i Møre og Romsdal i Utdanningsdirektoratet si nasjonale satsing *Vurdering for læring*.

Bakgrunnen for den fireårige satsinga på undervegsvurdering finn ein i at mange studiar har vist at lærarens vurderingspraksis både kan hemme og fremje eleven sitt utbytte av opplæringa. Når lærarane gjennom satsinga utviklar kompetansen på undervegsvurdering, og denne vert brukt målretta i klasserommet, fremjer ein læring hos elevane og skaper større grunnlag for å tilpasse opplæringa.

Satsinga er svært klasseromsretta og byggjer på fire forskingsbaserte prinsipp knytt til vurdering. Desse viser at elevane sine føresetnader for å lære kan styrkast dersom dei:

- Forstår kva dei skal lære og kva som er forventna av dei
- Får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- Får råd om korleis dei kan forbetre seg
- Er involvert i eige læringsarbeid ved blant annet å vurdere eige arbeid og utvikling.

I utgangspunktet skulle åtte kommunar i fylket plukkast ut, men etter søknad vart dei avsette midlane på til saman 2,3 millionar delt ut til Molde kommune/Midsund kommune, Fræna kommune,

Ørsta kommune, Herøy kommune, Sunnmøre regionråd med ti kommunar, og vurderingsnettverket på Nordmøre med ei samanslutting av fem kommunar. Av dei private skulane i fylket deltek Molde Friskule, Åmås Friskule (Ørsta) og Bjørkedal Nærskule (Volda).

Talet på kommunar i Møre og Romsdal viser at Fylkesmannen i Møre og Romsdal ønskjer å oppmuntre og å stille seg bak ei brei satsing på å utvikle ein enno betre vurderingspraksis i fylket.

Regionane/kommunane og dei private skulane som deltek har ein ressursperson i minimum 20 % stilling som skal drifte det faglege utviklingsarbeidet på vurdering. Dette vil seie drifting av mellom anna faglege, lærande nettverk, på skular og mellom skular, først og fremst for lærarar, men og for skuleadministrasjon.



Den nasjonale satsinga er svært klasseromretta.

Tilbakemeldingar frå tidlegare deltakarar i satsinga peiker på at ressurspersonane har sakna eit forum for erfaringsdeling med andre ressurspersonar. For å forebygge dette har Fylkesmannen henta kompetanse på vurdering frå Høgskulen Volda, og oppretta eit fylkesnettverk for ressurspersonane og for alle kommunar som

deltek. Den breie satsinga på vurdering

i Møre og Romsdal er i tillegg eit signal om at vi ønskjer å sjå nasjonale satsingar retta mot skulen i samanheng med kvarandre. I denne samanhengen vil vi særskilt ei anna skulebasert kompetanseutvikling: Ungdomstrinn i utvikling.

- For meir informasjon om kontaktpersonar og ressurspersonar ute i regionane/kommunane ta kontakt med Fylkesmannen.
- Sjå også Utdanningsdirektoratet sin nettside: <http://udir.no/vfl>

Kontaktperson: Seniorrådgivar Annhild Lorentzen, tlf. 71258826,
annhild.lorentzen@fylkesmannen.no



Fleire er nøgd med karakteren.

KARAKTERAR: Klar nedgang i klager

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2013 fått inn 60 klager på standpunktkarakterar i grunnskulen. Dette er ein nedgang frå tidlegare år. Talet på klager i fjor var 80. Tidligere år har talet på standpunktklager vore stabilt på i overkant av 100.

Dei 60 klagenes på standpunktkarakter fordelte seg på 12 fag. Det kom inn flest klager i kroppsøving (17 klager), mat og helse (11 klager), samfunnsfag (7 klager), norsk munnleg (6 klager), matematikk (5 klager) og musikk (4 klager) og nokre klagar orden og atferd

Det kom klager frå 22 skular, fordelt på 15 kommunar.

Nærare 70% av klagenes er på karakterane 3 og 4.

I underkant av 30% av klagenes blei ikkje tatt til følge. Vel 70% av klagenes er sendt tilbake til skulane for ny vurdering.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Annhild Lorentzen, tlf. 71258826,
annahild.lorentzen@fylkesmannen.no

SPRÅKOPPLÆRING: Få klager


Opplæringslova seier i §§2-8 for grunnskolen og 3-12 for vidaregåande opplæring at elevane har rett til særskild språkopplæring inntil dei kan følgje den ordinære opplæringa i og på norsk. Særskild språkopplæring kan vere norskopplæring, tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsopplæring. Kommunen/skulen skal kartleggje eleven sin språkkompetanse før det blir gitt enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Skuleeigar kan også organisere den første undervisningstida for nykomne elevar i såkalla innføringsklasser/skolar.

For elevar i private skular gjeld privatskolelova § 3-5. Der er det kommunen der den private skulen ligg som har ansvaret for at elevane blir kartlagt og får enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Fylkesmannen mottar få klager gjennom året på særskild språkopplæring. Det kan tyde på at elevane får oppfylt sine rettar på dette området eller at dei ikkje har fått god nok informasjon om klageretten dei har.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Liv Marie Opstad, tlf. 71258822,
liv.marie.opstad@fylkesmannen.no

ASSISTENTBRUK: Stadig fleire assistentar i skulen

Assistentbruken i skulen aukar jamt. Det er grunn til å stille spørsmål om assistentbruken no er for stor.



Av grafen ovanfor ser vi at assistentbruken i skulen har auka jamt dei siste 10 åra. Vidare viser undersøkingar at andel av assistentimar av det totale timetal til spesialundervisning også har auka. Det er grunn til å stille spørsmål om assistentbruken er for stor, og om assistentar vert sett til å undervise elevar i staden for at lærarar/spesialpedagogar gjer det. Vi veit frå forskning at det er viktig med god fagkompetanse for at elevane skal få best utbytte av opplæringa. Dette er noko fylkesmannen har fokus på i rettleiings- og tilsynsarbeidet.

Kontaktpersonar: Seniorrådgivar Ole Arne Opstad, tlf. 71258820, fmmrolop@fylkesmannen.no

VAKSENOPPLÆRING: Meir ansvar til kommunane

Nye, obligatoriske norsksprøver for vaksne innvandrarar

Frå våren 2014 vil kommunane – åleine eller gjennom interkommunalt samarbeid - få ansvaret for planlegging og gjennomføring av dei obligatoriske norsksprøvene for vaksne innvandrarar. Dei som skal ta dei nye prøvene, er personar som får eit opphaldsløyve som gir rett og plikt til opplæring etter 1. september 2013. Dei som kan ta prøvene, er personar med ei opphaldsløyve før 01.09.13 og personar som er i Noreg etter EØS-reglementet.

Etterutdanning av lærarar og leiarar i vaksenopplæringa

For tredje år på rad arrangerte Fylkesmannen i Møre og Romsdal etterutdanningskurs i samarbeid med Vox og leiarnettverket for vaksenopplæringa i fylket for over 200 lærarar og leiarar i vaksenopplæringa. Tema i år var dei nye, obligatoriske norsksprøvene, morsmålsstøtta opplæring i

alle fag og alfabetisering for vaksne innvandrere. Det var også eit parallellkurs om grunnskoleopplæring for vaksne /grunnleggande ferdigheiter og om spesialundervisning på grunnskolens område for vaksne.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Liv Marie Opstad, tlf. 71258822,
liv.marie.opstad@fylkesmannen.no

Prioriteringar oppvekst- og utdanning 2014

- Meir kompetanseheving for alle grupper av tilsette i barnehagen
- Rekruttering av barnehagelærarar og lærarar i skulen
- Meir praktisk og variert opplæring på ungdomssteget
- Satsing på kompetanseheving for lærarar – særleg matematikk og naturfag
- Styrking av arbeid mot mobbing og krenkande atferd

Helse- og sosialavdelinga



Leiar: Fylkeslege/direktør Christian Bjelke tlf. 71 25 86 39 / 901 08 140
christian.bjelke@fylkesmannen.no

Avdelinga har motteke oppdrag frå fleire departement og direktorat. Gjennom oppdrag frå Statens heletilsyn op fører avdelinga tilsyn med helsepersonell og verksamheiter både på individ og systemnivå. Spesialisthelsetenesta er ein del av Fylkesmannen i Møre og Romsdals tilsynsansvar saman med fylkesmennene i Trøndelagsfylka. Avdelinga har i 2013 hatt systemtilsyn med kommunar om tvang, med sosiale tenester i Nav, med barnevern tenesta og tilsyn med sjukehusa knytt til barne og ungdom psykiatrien .

Klagesaksbehandlinga viser ingen stor auke, og førarkortbehandlinga har stabilisert seg på om lag same høge nivå som siste år. Avdelinga har deltatt i eit arbeid for å forenkle førarkortbehandlinga og ytterligare trygge kjøre sikkerheita.

Avdelinga har halde fleire kurs, konferansar og nettverksamlingar, samt delteke med innlegg i andre.

TVANG: Umeldte tilsyn avdekka ulovleg tvang

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2013 gjennomført seks umeldte tilsyn hos instansar som gjev tvungen helsehjelp.

Pasient- og brukerrettighetslova kapittel 4A gjev helsepersonell høve til å yte helsehjelp til pasientar som motsett seg hjelpa. Dette reiser utfordrande faglege og etiske dilemma, og stiller store krav til helsepersonellet si vurdering.

Ein finn ved tilsyn at pasientar vert haldne tilbake i form av låst dør i sjukeheim, utan at pasientane sin samtykkekompetanse er vurdert, og utan at det er fatta vedtak slik pasient- og brukarrettighetslova kapittel 4A krev. Det er også funne døme på halding under stell, skjult medisin i mat/drikke og rørslehindrande tiltak, utan at det er fatta vedtak etter pasient- og brukarrettighetslova.

All behandling/helsehjelp føreset eit informert samtykke frå pasienten, med mindre det førelegg lovheimel om



Fylkesmannen avdekka ulovleg bruk av tvang.

behandling på anna grunnlag. Det inneber at ein for all helsehjelp må vurdere om pasienten har samtykkekompetanse i høve til den aktuelle helsehjelpa som skal bli ytt. Fylkesmannen ser stadig døme på at samtykkekompetanse ikkje blir vurdert, og at det er manglande kunnskap om desse vurderingane. Dette kan medføre at rettstryggleiken ikkje blir tilstrekkeleg ivareteke og at pasientar i nokre høve ikkje får naudsynt helsehjelp.

I 2013 har Fylkesmannen teke imot 227 (pr. 02.12.13) vedtak om bruk av tvang frå kommunar eller sjukehus i Møre og Romsdal. Dette er ein oppgang frå 2012, då vi berre fekk tilsendt 170 vedtak. Det er framleis kommunar vi ikkje har høyrte i frå sidan lova vart vedteken i 2009. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har grunn til å tru at det framleis er underrapportering på området og at ulovleg tvang vert utført på sjukeheimar i Møre og Romsdal. Dette også på bakgrunn av at vi ved dei alle fleste tilsyn har avdekket manglande samtykkevurderingar og/eller manglande vedtak.

Av dei vedtaka vi har motteke hittil i år gjeld 33 % av vedtaka tilbakehalding på helseinstitusjon, medan 19 % gjeld rørslehindrande tiltak (til dømes belte eller brett på stol/rullestol og halding under stell) og 16 % gjeld bruk av reseptbelagde legemiddel.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil ha stort fokus på området også i 2014.

Kontaktperson: Rådgivar Guro Sæther Hollingsholm 71258651,
guro.hollingsholm@fylkesmannen.no

TVANG: Fokus på personar med utviklingshemming

Erfaring frå sakshandsaming og tilsyn dei siste åra har vist at manglande opplæring av tilsette i gjeldande lovverk kan føre til unødvendig bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming. Fylkesmannen har difor i 2013 hatt eit særskilt fokus på korleis kommunane sikrar tilstrekkeleg kompetanse i sine tenester til personer med utviklingshemming. Fylkesmannen har i møte med overordna fagleg ansvarlege for desse tenestene peika på korleis det gjennom styring og leiging av tenestene kan sikrast tilstrekkeleg kompetanse i tenestene. Fylkesmannen ser gjennom si sakshandsaming at fleire kommunar dette året har fått auka fokus på kva som etter lova blir rekna som bruk av tvang og makt. Auka fokus har ført til auka rettstryggleik for dei aktuelle tenestemottakarane gjennom at reglane i det aktuelle lovverket blir følgt. I 2014 vil Fylkesmannen fortsatt ha fokus på området ved å invitere til nytt møte med overordna fagleg ansvarlege i kommunane. Det vil bli arrangert kurs om korleis kommunane kan arbeide for å unngå bruk av tvang og makt, samt korleis ein kan sikre fagleg og etisk forsvarleg teneste når det må brukast tvang og makt.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Janne Bjørnsøs tlf. 71258536, janne.bjorsnos@fylkesmannen.no

DEMENS: Store utfordringar i kommunane i Møre og Romsdal

Berre fire kommunar i Møre og Romsdal har eigen demensplan. Under halvparten av kommunane har demensteam.



Store demensutfordringar i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har utifrå den nasjonale kartlegginga av tenestetilbodet til personar med demens i 2010/2011 og eigeninitiert kartlegging i 2013, fått ei viss oversikt over demenstilbodet i fylket. Det var 21 av 36 kommunar (58.6%) som svarte på den siste kartlegginga. Dette kan gi ein peikepinn på kva Fylkesmannen bør legge vekt på i arbeidet ut mot kommunane. Det er fire område som har hovudfokus:

- Demensplan
- Demensteam
- Dagaktivitetstilbod
- Pårørandesatsing

Det er fire kommunar som har eigen demensplan. Dette er ikkje eit krav, men blir anbefalt. I 2013 er det 14 kommunar som har demensteam. Ut frå kommunane sine planer vil det i 2015 vere auka til 25 kommunar.

Dagaktivitetstilbod til personar med demens vil auke frå 20 kommunar i 2013 til 29 kommunar i 2015. Pårørandeskule vil auke frå 27 kommunar i 2013 til 34 kommunar i 2015.

Alle 36 kommunane i fylket vil ha gjennomført opplæringa Demensens ABC innan 2015.

Fylkesmannen ser ei positiv utvikling i tenestetilbodet til personar med demens, men kommunane må framleis arbeide systematisk for å nå måla i Demensplan 2015.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Greta Irene Hanset tlf. 71 25 86 33

greta.irene.hanset@fylkesmannen.no

SJUKEHEIM: Legetenesta må styrkast

Innsatsen knytt til legeårsverk i sjukeheim er for lav. Mange kommunar har ei legedekning som ikkje innfrir dei krava som blir stilt til kvalitet.

I 2007 vart kommunane bedt om å talfeste kor mange legetimar som trengst for å oppfylle lovkravet om fagleg forsvarlege tenester og eigne krav til kvalitet på legetenesta i sjukeheim, basert på risiko- og behovsvurderingar.

I 2012 var det 11 kommunar som ikkje hadde nådd eigne måltal. Det er bekymringsfullt.

Forsvarleg legeteneste vil variere etter pasientane sine behov, kva oppgåve sjukeheimen skal dekke og korleis tenestetilbodet i kommunen elles er organisert og dimensjonert. Samstundes veit ein at ei styrking av legetenesta i sjukeheim er nødvendig av fleire årsaker. For det første har bebuarane i sjukeheim ofte fleire og meir komplekse helseproblem. Det er om lag 75 - 80 % av bebuarane som har kognitiv svikt eller ein demenssjukdom. Kortare liggetid på sjukehus, auka vektlegging av korttids- og rehabiliteringsopphald og styrking av palliativ behandling stiller òg større krav til medisinsk-fagleg kompetanse i sjukeheim. Etter innføringa av Samhandlingsreforma er utbygging av akutt plassar og lokalmedisinske senter viktige verkemiddel for kommunane.



Det er ei rekke grunnar for å styrke legetenesta i sjukeheimane.

Det er brei semje om at innsatsen knytt til legeårsverk i sjukeheim er for lav og mange kommunar har ei legedekning som ikkje innfrir dei krava som blir stilt til kvalitet. Det er difor framleis grunn til å ha eit sterkt fokus på utviklinga når det gjeld legetid i sjukeheimar og i pleie- og omsorgstenestene elles. Det er etablert nettverk for sjukeheimslegar i Møre og Romsdal, eit for Nordmøre og Romsdal og eit for Sunnmøre. Kontaktpersonane er sjukeheimslegane Reidun Sveaas og Stian Endresen. Eit av formåla med nettverket er at sjukeheimslegane har eit forum der dei kan dele erfaringar, diskutere utfordringar og få fagleg påfyll. Fylkesmannen arrangerer ein årleg fagdag for nettverket for sjukeheimslegar.

Oversikt over legetimar per veke per bebuar i sjukeheim 2007-2012 og normtal 2008


Kommune	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	Legetimer per uke per beboer - lokal norm 2008
Molde	0.18	0.19	0.37	0,37	0.26	0.30	0.28
Ålesund	0.51	0.39	0.41	0.55	0.55	0.53	0,68
Kristiansund	:	0.27	0.40	0.45	0.46	0.45	0.36
Vanylven	0.28	0.22	0.26	0.31	0.31	0.33	0.35
Sande	0.17	0.16	0.31	0.32	0.34	0.43	0,35
Herøy	0.22	0.27	0.33	0.26	0.28	0.30	0,35
Ulstein	0.22	0.31	0.52	0.22	0.27	0.66	0.23
Hareid	0.19	0.20	0.20	0.24	0.23	0.37	0,18
Volda	0.17	0.20	0.19	0.20	0.21	0.36	0.31
Ørsta	0.33	0.29	0.27	0.27	0.28	0.25	0,36
Ørskog	0.23	0.18	0.22	0.26	0.26	0.28	0.30
Norddal	0.24	0.24	0.23	0.23	0.39	0.48	0.24
Stranda	0.24	0.20	0.23	0.21	0.18	0.43	0,24
Stordal	0.21	0.38	0.46	0.43	0.67	0.47	0,26
Sykkylven	0.24	0.24	0.24	0.24	0.21	0.40	0,40
Skodje	0.24	0.34	0.27	0.29	0.33	0.26	0,34
Sula	0.24	0.36	0.62	0.54	0.54	0.42	0,32
Giske	0.23	0.24	0.22	0.23	0.27	0.97	0,24
Haram	0.24	0.29	0.25	0.37	0.38	0.41	0,62
Vestnes	0.21	0.23	0.19	0.17	0.21	0.30	0,28
Rauma	0.20	0.21	0.21	0.22	0.21	0.33	0,25
Neset	0.20	0.20	0.20	0.28	0.21	0.28	0,19
Midsund	0.21	0.38	0.36	0.53	0.53	0.57	0,20
Sandøy	0.29	0.61	0.50	0.52	0.36	0.39	0,46
Aukra	0.17	0.20	0.24	0.20	0.20	0.29	0,26
Fræna	0.32	0.15	0.25	0.35	0.49	0.61	0,44
Eide	0.21	0.21	0.22	0.22	0.21	0.22	0.25
Averøy	0.30	0.30	0.24	0.20	0.00	0.27	0,29
Gjemnes	:	0.75	0.18	0.18	0.21	0.18	0,34
Tingvoll	0.15	0.13	0.15	0.17	0.29	0.44	0,34
Sunndal	0.21	0.16	0.22	0.19	0.23	0.29	0,25
Surnadal	0.16	0.30	0.30	0.26	0.28	0.27	0,31
Rindal	0.18	0.19	0.19	0.19	0.18	0.18	0,18
Halsa	0.14	0.13	0.13	0.24	0.31	0.25	0,19
Smøla	0.12	0.15	0.14	0.24	0.50	0.32	0,29
Aure	0.44	0.47	0.29	0.31	0.47	0.50	0,49

Kontaktperson: Seniorrådgivar Greta Irene Hanset, tlf. 71 25 86 33,

greta.irene.hanset@fylkesmannen.no

RUS: Eldre drikk meir alkohol

Mange har med seg skadelige rusvanar inn i pensjonsalderen. Andre utviklar skadelige rusvanar når dei som pensjonistar får betre tid.



God tid kan gi auka rusmisbruk.

Nordmenn har eit aukande alkoholforbruk. Med eit generelt større forbruk auker og talet på dei som drikk for mykje. Statistikkar viser at det er i dei eldste aldersgruppene, frå 55 år og oppover, at forbruket auker mest. Eldre og skadelige rusvaner er eit tema det er sett lite fokus på i samfunnet vårt. Det er lite forskning og få publikasjonar på området. Vi veit likevel at mange har med seg skadelege rusvanar inn i pensjonsalderen og andre utviklar skadelege rusvanar, både alkohol og medikament, når dei som pensjonistar får betre tid.

Ny helse og omsorgslov legg vekt på at kommunane skal utvikle heilskapelege og verdige pasientforløp. Lovendringane styrkar pasientane sine rettar i kommunen og presiserer kommunen sine oppgåver. Samtidig gir lova ein større fleksibilitet i korleis oppgåvene kan organiserast. Tenester til eldre med dårlege rusmiddelvanar skal ikkje gjerast til ein særomsorg eller spesialitet i kommunane. Det skal vere ein integrert del av tenestetilbodet, og oppgåvene må løysast med tverrfagleg samarbeid. Det er ikkje sikkert at ein treng fleire eller andre tiltak, dersom dei som arbeider med eldre i kommunehelsetenesta har kompetanse til å handtere rusproblem hos eldre på ein fagleg forsvarleg måte. På den måten blir rusarbeid hos eldre ein del av det heilskapelege helse- og omsorgstilbodet kommunen skal gi og byggjer opp under ein verdig alderdom, og for dei som slit med rusproblem. I tillegg må rusførebyggjande arbeid for den vaksne delen av befolkninga prioriterast.

Fylkesmannen, i samarbeid med KoRus, sett no fokus på dette området, både gjennom kompetansehevande tiltak og etablering av fagnettverk i kommunar i fylket. Fire kommunar har arbeidd med dette temaet og opparbeid kunnskap og etablert rutinar i 2013. Tre nye kommunar startar nettverksarbeid i 2014.

Målsetting for arbeidet er

- at tema blir sett på dagsorden
- at det blir sett på som en naturleg del av eit tverrfagleg folkehelsearbeid
- at aktuelle medarbeidarar i kommunane skal få auka kompetanse om eldre og rus, samt trening i å snakke med den det gjeld om rusmiddel
- at pårørande sitt behov blir gitt merksemd

Kontaktperson: Rådgivar Anne Mette Nerbøberg tlf. 71 25 85 28,

anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no



RUS: Kommunar trappar ned rusarbeidet

Opptappingsplanen for rusfeltet vart avslutta ved utgangen av 2012. Planen innbar at tilskot til kommunalt rusarbeid gikk inn som ein del av rammetilskotet til alle kommunane i landet. Når denne ordninga no er avslutta, står vi i fare for å miste det fokuset vi har hatt på bruk av rusmiddel, både alkohol og narkotika. Nokre kommunar har

vidareført arbeidet dei sette i gang i løpet av den perioden dei kunne søke tilskot, medan andre diverre har avvikla eller trappa ned sin aktivitet. Fylkesmannen har ikkje erfart at kommunar som i 2013 fekk eit auka rammetilskot og ikkje hadde hatt tilskot tidlegare, prioriterte kommunalt rusarbeid.

I juni 2012 la regjeringa fram Stortingemelding 30 «Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk». I stortingsmeldinga er det ei tydeleg føring for eit sterkt folkehelseperspektiv i det vidare rusarbeidet i kommunane. Regjeringa sin strategi inneheld både regulatoriske og pedagogiske verkemiddel som saman skal fremje folkehelsa i lokalsamfunnet. I strategien er det lagt stor vekt på kommunen sitt ansvar for å drive ei ansvarleg alkoholhandtering. Her har politikarane ei viktig rolle.

Opptappingsplanen for rusfeltet var ein del av Samhandlingsreforma, som har tydeleg retning mot meir satsing på helsefremjande og førebyggjande arbeid, jfr Folkehelseleva. Kommunalt rusarbeid skal sjåast i lys av dette. Når det gjeld det behandlande perspektivet i Samhandlingsreforma, må ein legge til grunn at ruslidingar gjev like rettar til tenester etter ny helse og omsorgslov som andre lidingar.

Kontaktperson: Rådgivar Anne Mette Nerbøberg tlf. 71 25 85 28,

anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no

BARNEVERN: Færre barn med tiltak

Sidan 2011 har barneverntenesta i kommunane blitt styrka gjennom statleg øyremerka midlar. Kommunane i Møre og Romsdal har fått tilført midlar til 36,7 nye stillingar og til kompetansestyrking.

Talet på barnevernsaker har auka i mange år, men i 2013 har vi ikkje sett denne tendensen. 1850 barn får hjelpetiltak (1929 i 2012). Dette er ein liten nedgang. 442 barn er under omsorg, det same som før. Fylkesmannen meiner at det har vore ei kvalitativ positiv utvikling i dei fleste kommunane i fylket. Det skal satsast vidare på kompetansestyrkingstiltak også i 2014.

Fleire enn før klager til fylkesmannen på barneverntenesta (40 klager i 2013). Fylkesmannen gjennomførte i 2013 tilsyn med 3 av til saman 25 barneverntenester og med 6 barneverninstitusjonar. Det vart gjennomført 2 til 4 individtilsyn ved kvar av institusjonane.

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Heidrunn Avdem, tlf 71258542, heidrunn.avdem@fylkesmannen.no
Seniorrådgivar Eli Karin Walle, tlf. 71 25 84 58, eli.karin.walle@fylkesmannen.no**

NAV: Lov om sosiale tenester – det siste sikringsnett

2013 vidareførte Fylkesmannen kurs i Lov om sosiale tenester i NAV. Nærare 400 tilsette frå NAV kontor deltok.

Nytt rundskriv til lov om sosiale tenester i NAV vart ferdigstilt i juni 2012 og Fylkesmennene over heile landet fekk i oppdrag å tilby opplæring i lov, forskrift og rundskriv. Den enkelte kommune har ansvar for at dei som utfører dei sosiale tenestene i NAV har den nødvendige kompetansen. Fylkesmannen inviterte til denne opplæringa fordi rundskrivet var nytt og fordi tilsyn i NAV kontor viste at det var behov for ei slik kompetanseheving.

Vi gjennomførte 3 opplæringsdagar fordelt på fire stadar i fylket. Erfaringar frå klagesaker og tilsyn vart brukt i opplæringa, samt gruppearbeid og case som metode. Fylkesmannen hadde eit godt samarbeid med NAV Møre og Romsdal både i planlegging og gjennomføring, dette sikrar NAV konteksten inn i kursa.

Kontaktperson: Seniorrådgivar Oddhild Johnsen 71258453, oddhild.johnsen@fylkesmannen.no

LEGEVAKT: Fylkesmannen uroleg for legevaktstenesta



Fylkesmannen uroa for svikt i legevaktstenesta.

Fylkesmannen ser med uro på at enkelte kommunar ikkje vil klare å oppretthalde eigen legevaktsordning.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennom klagesaksbehandling og tilsyn med legevaktstenestene i fylket erfart at det gjennomgåande blir ytt gode, forsvarlige tenester til befolkninga. Men framleis ser vi teikn som tyder på at enkelte kommunar ikkje vil klare å oppretthalde eigen legevaktsordning. Grunnen til dette, er at legar som enten er fritatt for vakt, eller vil bli det dei næraste åra. Legevaktstenesta taper på denne måten leger med mykje erfaring, lokalkunnskap og kompetanse innanfor «legevaktsfaget». Fylkesmannen ser med uro på dei konsekvensar dette vil kunne ha for kvaliteten i legevaktstenesta.

Forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus seier at kommunane har ansvar for å sikre forsvarlig legevaktsordning, med eit fast legevaktsnummer som blir besvart heile døgnet. Legevaktstenesta skal være bemanna med helsepersonell som har den nødvendige kompetansen til å vurdere alle telefonar, og det skal alltid være en lege i vaktberedskap. Legevaktsentralen, ev. ved legevaktslegen, skal ved gi råd og rettleiing, og om nødvendig også yte medisinsk hjelp som ikkje kan vente for ordinær behandling hos fastlegen.

Kommunane skal organisere legevaktsordninga ut frå lokale behov. Fylkesmannen har gjennom de siste åra hatt fleire tilsynssaker der pasientar har vore skadelidande som følgje av svikt i legevaktstenesta. Sakene viser utilstrekkelig kompetanse/erfaring hos den som tek imot telefonane, vikarleger som ikkje kjenner de lokale tilhøva og kommunikasjonssvikt på grunn av språkproblem. Spesielt de små legevaktsordningane er i denne samanhengen utsett, særlig som følgje av fråvær hos de «faste legene». Fylkesmannen ser framleis med uro på risiko for svikt i deler av legevaktstenesta i fylket.

I første halvdel av 2014 skal det innført nytt digitalt nødnett i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil oppmode kommunane i fylket til å vurdere si legevaktsteneste, og om ein skal samarbeide med nabokommunar for å sikre befolkninga tilgang på en god, forsvarlig og robust legevaktsteneste.

Kontaktperson: Ass. fylkeslege Cato Innerdal, tlf.:71 25 86 36, 926 21 245,
cato.innerdal@fylkesmannen.no

EINEROM: Andelen plassar i einerom går ned

Fylkesmannen har mottatt flere bekymringsmeldinger i forhold til flersengsrom i institusjoner.

Hovudregelen er at alle med langvarig opphold i institusjon, og som ønsker det, skal få enerom. På bakgrunn av flere medieoppslag om pasienter som får tilbud om to- og tresengsrom, har Fylkesmannen sett nærmere på utviklingen i tall for andel enerom i sykehjem rapportert til SSB.

Dette viser tallene:

- 19 av de 36 kommunene i fylket hadde kun enerom i 2012, det samme antall som i 2007.
- Andelen plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner ble redusert fra 95.8 % til 93.9 % i perioden 2007- 2012.
- 11 kommuner i Møre og Romsdal har hatt 100 % andel plasser i enerom i perioden 2007 til 2012.
- Kristiansund har redusert andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner med 8,8 %.
- Molde har redusert andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner med 6 %.
- Ålesund har redusert andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner med 2,1 %.
- To av kommunene i Møre og Romsdal har større reduksjon i andel plasser i enerom, 16,1 og 11,8 %.
- Fylkesmannen har mottatt flere bekymringsmeldinger i forhold til flersengsrom i institusjoner.

Fylkesmannen er av den oppfatning at det er viktig å halde fast på den tydelege nasjonale målsettinga at personer som skal bo i institusjon over lengre tid, skal ha tilbud om eige rom. Dette er også forankra i

Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene, som seier at kommunen skal utarbeide skriftlige nedfelte prosedyrer som søker å sikre at brukarar av pleie- og omsorgstenester får tilfredsstilt grunnleggande behov som tilbud om eige rom ved langtidsopphald. På bakgrunn av meldingar om at to og to pasientar blir plassert på einmannsrom, er fylkesmannen uroa over kvaliteten i tilbudet.

Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner – Prosent av totalt antall

Kommuner	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Molde	96.7	96.7	96.7	90.8	86.1	90.7
Ålesund	92.6	92.6	90.4	90.4	90.4	90.5
Kristiansund	:	95.8	95.8	92.8	94.8	87.0
Vanylven	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Sande	100.0	100.0	100.0	93.8	93.8	93.8
Herøy	93.9	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Ulstein	95.5	95.5	100.0	100.0	100.0	100.0
Hareid	92.9	92.9	92.9	92.9	92.2	91.8
Volda	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	92.2
Ørsta	94.3	94.3	95.6	93.1	90.3	91.4
Ørskog	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Norddal	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Stranda	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Stordal	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Sykkylven	93.3	93.3	100.0	100.0	100.0	100.0
Skodje	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Sula	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Giske	86.7	86.7	86.7	60.0	86.7	100.0
Haram	100.0	100.0	100.0	100.0	98.9	100.0
Vestnes	94.3	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Rauma	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	98.5
Neset	86.0	86.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Midsund	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Sandøy	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Aukra	95.5	95.5	95.5	95.5	100.0	100.0
Fræna	90.1	94.2	94.3	94.3	91.5	88.5
Eide	79.5	79.5	79.5	81.6	84.2	82.1
Averøy	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	83.9
Gjemnes	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	88.2
Tingvoll	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Sunndal	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Surnadal	100.0	95.3	95.4	100.0	100.0	93.5
Rindal	90.7	90.7	90.7	90.7	90.7	90.7
Halsa	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	92.9
Smøla	88.2	88.2	88.2	88.2	88.2	88.2
Aure	94.1	94.1	94.1	94.1	94.1	94.9
Møre og Romsdal	95.8	96.2	96.4	95.3	95.2	93.9
Landet	92.0	93.6	93.8	93.4	93.8	93.5

Kontaktperson: Ass. fylkeslege Cato Innerdal, tlf.:71 25 86 36, 926 21 245,
cato.innerdal@fylkesmannen.no

BUP: Tilsyn avdekker svikt hos helseføretaket

Helseføretaket har ikkje gode nok internkontrollrutinar, syner tilsyn med psykisk helsevern for barn og unge.

Tilsynet har som mål å undersøkje om spesialisthelsetenesta gjennom systematisk styring og leiing sikrar barn og unge forsvarleg psykisk helsevern. Hovudmålsettinga er å undersøkje om helseføretaket sørgjer for gode pasientløp prega av framdrift, kontinuitet og kvalitet. For å kunne vurdere om pasientløpa var forsvarlege er to pasientgrupper valt ut:

- Barn mellom 7 og 15 år med behov for helsehjelp pga uro og utagerande åtferd, og mistanke om ADHD
- Barn og ungdom over 12 år med behov for helsehjelp pga tristheit og mistanke om depresjon.

Statens helsetilsyn sitt ynskje var at dette tilsynet skulle ha effekt for alle barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkane i landet, og at alle BUP`ane skulle involverast. Det vart derfor nytta ein kombinasjon av fleire tilsynsmetodar; eigenvurdering og systemrevisjon.



Svikt i internkontrollen hos helesføretaket syner tilsyn.

Fire BUP`ar i Møre og Romsdal

har gjennomført eigenvurdering der dei har svara på spørsmål i eit skjema som helseføretakett har sendt tilbake til fylkesmannen for tilsynsmessig oppfølging. Dette skal følgjast opp i 2014. I tillegg er det gjennomført ein systemrevisjon ved barne og ungdomspsykiatrisk poliklinikk i Molde.

Her vart det avdekt tre avvik:

Helse Møre og Romsdal HF sikrar ikkje :

- at mottak og vurdering av tilvisingar til BUP Molde tek i vare innhenting av supplerande opplysningar eller dokumentasjon av medisinsk faglege vurderingar
- at pasientar som blir tilvist til BUP Molde får naudsynt helsehjelp innan fastsett behandlingsfrist
- at utgreiing og diagnostisering ved BUP Molde er tilstrekkeleg tverrfagleg, og at det blir sett diagnose straks utgreiinga er avslutta. Helseføretaket har ikkje sett mål for kor lang tid det normalt kan ta før det skal føreliggje diagnose.

Helseføretaket har ikkje gode nok internkontrollrutinar slik at leiinga følgjer med, kontrollerer, justerer og setter inn verksame tiltak der risikoen for svikt er stor.

Helseføretaket har lagt fram ein plan for korleis dei arbeider for å rette opp slik at dei igjen driv lovleg og i tråd med god og forsvarleg praksis. At denne erfaringa også gjer seg gjeldande og fører til endring ved dei andre BUPane i helseføretaket er eit leiaransvar som styresmaktene forventar skal gi effekt.

Kontaktperson : Seniorrådgivar Åse Hansen 71258634, ase.hansen@fylkesmannen.no

HELSESTASJONAR: Manglande styring frå toppleiinga

Statens helsetilsyn gjennomførte i 2011 ei kartlegging av verksemda i helsestasjonar. Føremålet med kartlegginga var å skaffe oversikt over korleis norske kommunar sikrar fagleg forsvarleg helsestasjonsteneste gjennom prioritering, gjennomføring, korrigering og evaluering av tenestetilbodet til barn 0 til 6 år.

Rapporten ga grunnlag for at Statens helsetilsyn bestemte landsomfattande tilsyn med helsestasjonstenesta i 2013. I dette tilsynet undersøkte vi

- *om kommunen sikrer alle barn i aldersgruppen 0 til 6 år forsvarlige helsekontroller i samsvar med faglig forsvarlige normer beskrevet i nasjonale faglige retningslinjer og veiledere*
- *om kommunen sikrer at helsestasjonstjenesten bidrar til at barn/familier med spesielle behov mottar et helhetlig tjenestetilbud*
- *om kommunen sikrer at helsestasjonen tilbyr tjenestetilbud til barn og foreldre tilpasset egen språkbakgrunn*
- *om kommunen sikrer at helsestasjonstjenesten gir en faglig forsvarlig kostholdsveiledning for å forebygge feilernæring*

I Møre og Romsdal er det gjennomført systemrevisjonar ved tre helsestasjonar; Sunndal, Norddal og Ulstein kommune. Det vart avdekt fire avvik som viser at kommunane:

- ikkje har system som sikrar fagleg forsvarlege helsestasjonstenester til barn i aldersgruppa 0-6 år
- ikkje sikrar at journalar i helsestasjonen blir ført i tråd med regelverket, eller at tilgangen til journalsystemet er avgrensa og styrt ut frå tenestlege behov
- ikkje alltid sikrar at helsestasjonen tilbyr eit tenestetilbod til barn og foreldre som er tilpassa deira eigen språkbakgrunn

Avvika er samanfallande, og viser svikt i internkontrollsystemet og manglande styring og leiing frå toppnivået i kommunen. Dette er ganske likt konklusjonane som kjem fram i Helsetilsynet sin rapport etter kartlegginga i 2011 «Styre for å styrke».

Kontaktperson : Seniorrådgivar Åse Hansen 71258634, ase.hansen@fylkesmannen.no

KOMPETANSE: Stor aktivitet i kommunane

Rapporteringa frå kommunane om Kompetanseløftet 2015 i Møre og Romsdal viser at det er stor aktivitet når det gjeld kompetansehevande tiltak. Aktivitet utløyser tilskot. I 2013 hadde Fylkesmannen ei ramme på 7.3 mill. kroner til fordeling etter søknad.

Samhandlingsreforma aukar behovet for spesialisert kompetanse, til dømes innan førebygging, akutt behandling og rehabilitering. Samstundes er det viktig å halde fast på behovet for god basiskunnskap i tenestene. Vi ser ein tendens til at kommunane søkjer om tilskot til meir spesialiserte vidareutdanningar og at grunnutdanning i helsearbeidarfaget blir lågare prioritert. Vi må halde oppe fokuset på begge nivåa, både basiskompetanse og spesialistkompetanse.

Rapporteringa frå kommunane viser:

- Det blir oppretta for få nye årsverk
- Det blir oppretta fleire læreplassar enn før, men det er ei utfordring å fylle plassane
- Mange fleire har fullført utdanning i 2012
- Det er auke i personell som har gjennomført fagskule
- Det er stabilt nivå i helsefagutdanning for vaksne
- Det er stor auke i fullført vidareutdanning på høgskulenivå
- Mange har fullført desentralisert vernepleie
- Mange tek leiarutdanning
- Mange «eldre» arbeidstakarar gjev stort behov for nyrekruttering

Kontaktperson: Seniorrådgivar Greta Irene Hanset, greta.irene.hanset@fylkesmannen.no tlf. 71 25 86 33

PSYKIATRI:Tilsyn ved vaksenpsykiatrisk avdeling i Ålesund

Fylkesmannen fekk i 2013 bekymringsmelding vedrørende drifta av forsterka rehabiliteringsseksjon ved vaksenpsykiatrisk avdeling, Ålesund sjukehus, Helse Møre og Romsdal. Bekymringsmeldinga er ført i pennen av sikkerhetsgruppa ved eininga. I tillegg vart Fylkesmannen i dagane før tilsynet kontakta av pasient, pårørende og tilsette som var uroa for situasjonen ved eininga. Fylkesmannen vurderte informasjonen som eit varsel etter Helsepersonellova sin § 17, som gir helsepersonell plikt til å melde frå; «Helsepersonell skal av eget tiltak gi tilsynsmyndighetene informasjon om forhold som kan medføre fare for pasientenes sikkerhet». Det vart difor gjennomført umeld tilsyn med forsterka rehabiliteringseining, Ålesund.

Umeld tilsyn inneber som alt anna tilsyn innhenting og vurdering av informasjon for å avklare om verksemda blir dreve i samsvar med lovgjevinga. Denne typen tilsyn er ein form for stikkprøve, og blir gjennomført utan at verksemda er varsla på førehand, eller ved at verksemda får varsel kort tid i førevegen. Føremålet med tilsynet var å sjå om Helse Møre og Romsdal, vaksenpsykiatrisk eining har eit system som sikrar at forsterka rehabiliteringspost i praksis gjennomfører psykisk helsevern faglig forsvarlig. Tilsynet var spesielt retta mot :

- Bemanning; ansvar, kompetanse og opplæring
- Vedtak; fagleg ansvarlig, oppfølging og dokumentasjon
- Bruk av tvangsmidler; skjerming og bruk av belte
- Synfaring

Tilsynet vart gjennomført som en kombinasjon av synfaring, dialogmøte, samtale med enkeltpersonar og dokumentinnsyn.

Konklusjon:

Fylkesmannens tilsynstidspunktet ikkje avvik, som pr. definisjon er brot på lov eller forskrift.

Fylkesmannen har likevel merka seg at forsterka rehabiliteringseining har store utfordringar og forbedringspotensial så vel på det faglege som på det bygningsmessige området.

Kontaktperson : Seniorrådgivar Åse Hansen 71258634, ase.hansen@fylkesmannen.no

PSYKISK HELSEARBEID: Lågare prioritert etter slutt på øyremarking

Store utfordringar for kommunane når det gjeld psykisk helsearbeid.

Kommunane i fylket rapporterer framleis til Helsedirektoratet om årsverk som inngår i dette fagfeltet. Dette for å følgje med utviklinga etter at *Opptrappingsplana for psykisk helse* i form av øyremerka midlar tok slutt i 2008. Dei sentrale føringane var å vidareutvikle og oppretthalde tenestenivået.

Resultatet av rapporteringa så langt viser at det er vanskeleg å oppretthalde ressursbruken innan tenesteområdet. Ein ser også av tala at kommunane har prioritert ressursar til dei mest alvorlege sjuke og at ein ikkje har greidd å vidareføre tenestetilbodet til barn og unge i same grad.

Kommunane beskriv også store utfordringar med å skaffe egna bustad til vaksne med store psykisk helse-utfordringar. Dette gjer også samhandlinga med spesialisthelsetenesta krevjande, når pasientar skal utskrivast til eit godt og tilrettelagt tenestetilbod.

Kontaktperson: Rådgivar Sverre Veiset 71258631, sverre.veiset@fylkesmannen.no

SAMHANDLINGSREFORMEN: Positiv utvikling

Fylkesmannen har ein såkalla følgjemed-rolle når det gjeld samhandlingsreforma. Etter vår vurdering har samhandlinga mellom nivå i helsetenestene utvikla seg positivt i vårt fylke og fylkesmannen har ikkje fått melding om spesiell usemje når det gjeld utskrivning av ferdigbehandla pasientar. Færre pasientar blir liggande i sjukehus etter at dei er ferdigbehandla.

Ordninga med medfinansiering har ført til auka utgifter for dei fleste kommunane. Ny regjering har sett seg som mål å avskaffe ordninga. Ifølgje informasjon vi har fått, blir ordninga likevel ikkje endra i 2014, og mest sannsynleg heller ikkje i i 2015.

Kontaktperson: Ass. direktør Marit Hovde Syltebø, tlf. 71 25 85 40, marit.hovde.syltebo@fylkesmannen.no



FOLKEHELSE: Felles ansvar

Helsa heng saman med korleis vi innrettar samfunnet og er nær knytt til oppvekstvilkår og dei forholda vi lever under. Det handlar om å legge til rette for ei samfunnsutvikling som gir gode vilkår for helse. Folkehelsearbeidet er eit ansvar på tvers av sektorar og samfunnsområde. Alle har eit ansvar for å utvikle eit samfunn som fremjar helse, og kvar enkelt har eit ansvar for eiga helse. Dersom vi klarer å utvikle eir meir helsefremmande samfunn, skaper vi og eit

grunnlag for eit inkluderande lokalmiljø, kreativitet og innovasjon, og vi bidreg til å bygge opp samfunnet på ein rekke områder.

Kommunane skal identifisere folkehelse utfordringane sine, som skal vere grunnlag for å prioritere målretta arbeid med folkehelse, både på kort og lang sikt.

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med kommunane sitt arbeid på folkehelseområdet i 2014.

Kontaktperson : Seniorrådgivar Marie Eide tlf. 71 25 86 44, marie.eide@fylkesmannen.no

FRISKLIVSSENTRAL: Etablert i 13 kommunar

15 kommunar har fått tilskot til planlegging og etablering av frisklivssentral (frå 2010- 2013). 13 av desse har no etablert frisklivssentral. Det er kommunane: Surnadal, Volda, Giske, Molde, Rindal, Skodje, Ulstein, Rauma, Eide, Fræna, Kristiansund, Sunndal og Vestnes. I tillegg har 4 kommunar fått tilskot frå Helsedirektoratet i 2013 til arbeid med kronikargrupper innan frisklivssentralen.

Kontaktperson : Seniorrådgivar Marie Eide tlf. 71 25 86 44, marie.eide@fylkesmannen.no

Utfordringar helse- og sosial i 2014:

Den nye helseministeren har sagt et det fortsatt vil være full fokus på samhandlingsreforma, særleg på områda rus , psykisk helse og rehabiløitering. Fylkesmannen har eit «fylgje med ansvar», så dette vil ein fokusere på.

Vi vil vidare ha fortsatt fokus på kvalitet og volum i alle tenesta innenfor våre områdar, og bidra til at alle kommunane har system på interkontroll og betring av kvalitetsarbeid og får ein kulturen for dette arbeidet.

Etter tilsyna i 2013 ser ein at det er behov for opplæring av sakshandsaminga i kommunane.

Administrasjonsavdelinga



Leiar: Administrasjonssjef Hilde Aure, tlf 71 25 84 31

hilde.aure@fylkesmannen.no

Kongens fortjenstmedaljar

Statuttane for tildeling av Kongens fortjenstmedalje er endra pr 30.3.2012.

Det er i år delt ut 10 Kongens fortjenstmedaljar:

Åse Karin Jørgensen, Ålesund

Eirik Gudmundsen, Kristiansund

Jarle Walseth, Ørsta

Jorunn Skjelten, Sandøy

Kristian Almås, Stordal

Reidar Vik, Vanylven

Jan Jørgen Alnes, Giske

Kjellaug J Bjørkavaag Vik, Vanylven

Knut Stenerud, Rauma

Hans Petter Godø, Giske

Kontaktperson: Seksjonssjef Synnøve Ulleland, Tlf. 71 25 84 73 synnove.ulleland@fylkesmannen.no

Apostille

Fylkesmannen er delegert oppgåva med legalisering av dokument for bruk i utlandet, det vil seie for dokument som skal nyttast i dei landa som har ratifisert Haag-konvensjonen av 5. okt. 1961.

Statistikk for dei fire siste åra:

2013	1769
2012	1908
2011	1686
2010	1666
2009	1502

Her finn du meir informasjon om Apostille:

<http://fylkesmannen.no/nb/More-og-Romsdal/Folk-og-samfunn/Apostillestempel-pa-dokumenter/>

Kontaktperson: Seksjonssjef Synnøve Ulleland, Tlf. 71 25 84 73 synnove.ulleland@fylkesmannen.no

Statsborgarseremoni



Statsborgarseremoni 2013 FOTO: Vidar Myklebust

Fylkesmannen har sidan 2007 arrangert ein seremoni pr år for nye norske statsborgarar frå heile fylket vårt. Talet på deltakarar har auka jamt for kvart år. I 2013 deltok 115 statsborgarar (32 %) på seremonien saman med sine gjester. (Landsgjennomsnitt er ca 20 %). Deltakarane representerte 40 land og kom frå 29 av kommunane våre.

Kontaktperson: Seksjonssjef Synnøve Ulleland, Tlf. 71 25 84 73 synnove.ulleland@fylkesmannen.no

Kurs og konferansar arrangert av Fylkesmannen

Fylkesmannen har arrangert 89 kurs og konferansar med totalt 5933 deltakarar.

Kontaktperson: Seksjonssjef Synnøve Ulleland, Tlf. 71 25 84 73 synnove.ulleland@fylkesmannen.no

Statlege tilskotsordningar utbetalt gjennom Fylkesmannen i Møre og Romsdal for 2013

Oversikt over utbetalingane for 2013

Utbetalt til	beløp
Kommunane i Møre og Romsdal	67.409.000
Fylkeskommune	3.015.500
Organisasjonar og enkeltpersonar	6.995.300
Statlege etatar	2.560.000
Erstatningar	1.675.951

Kontaktperson: Rådgivar Erling Kanestrøm, tlf. 71 25 84 36, erling.kanestrom@fylkesmannen.no

Internt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har 135 tilsette. Vi fikk ei budsjettildeling frå FAD i 2012 på kr 71.159.000.

Kontaktperson: Administrasjonssjef Hilde Aure, tlf 71 25 84 31 hilde.aure@fylkesmannen.no



Vedlegg1: Fylkesmannens planlagte kommunebesøk 2013-2015

Fylkesmannen ønsker sammen med sine direktører å besøke alle kommunene i Møre og Romsdal før neste kommunevalg. For hver enkelt kommune utarbeides det et eget kommunebilde som viser hvordan kommunen utfører sine tjenester og styrer sin økonomi, sett fra Fylkesmannens ståsted. Fylkesmannen og hans direktører ønsker å møte formannskapet, samt øverste administrative ledelse. Besøkte tar ca 3-4 timer, og det legges opp til dialog med formannskapet under hele møtet. Kommunebildet sendes ut i forkant av møtet.

Nr	Kommune	År	Dato	Kommentar
1	Molde	2013	05.03	Utført!
2	Ålesund	2013	13.05	Utført!
3	Kristiansund	2013	27.08	Utført!
4	Rindal	2013	28.10	Utført!
5	Surnadal	2013	28.10	Utført!
6	Sunnadal	2013	19.11	Utført!
7	Aure	2014	14.01	Tirsdag 14. januar kl 11.00 – 16.00
8	Halsa	2014	21.01	Tirsdag 21. januar kl 11.00 – 16.00
9	Smøla	2014	28.01	Tirsdag 28. januar kl 09.00 – 14.00. Folkemøte om arealplan mandag 27.1. Avreise kl 14.00 mandag
10	Tingvoll	2014	04.02	Tirsdag 04. februar kl 10.00 – 15.00
11	Gjemnes	2014	04.03	Tirsdag 04. mars kl 10.00 – 15.00
12	Eide	2014	20.03	Torsdag 20.mars kl 10.00 – 15.00
13	Averøy	2014	27.03	Torsdag 27. mars kl 16.30 – 20.30
14	Fræna	2014	03.04	Torsdag 03. april kl 10.00 – 15.00
15	Neset	2014	10.04	Torsdag 10.april kl 09.00 – 14.00
16	Vestnes	2014	27.05	Tirsdag 27. mai kl 10.00 -15.00
17	Rauma	2014	06.05	Tirsdag 06. mai kl 11.00 -16.00
18	Midsund	2014	11.06	Onsdag 11.juni kl 10.15 – 15.00
19	Aukra	2014	17.06	Tirsdag 17.juni kl 10.15 – 15.00
20	Norddal	2014	Aug	Forslag tirsdag 19.august kl 10-15
21	Stordal	2014	Aug	Endre frå 28. til 20 ?
22	Ørskog	2014	Sept	
23	Skodje	2014	Sept	
24	Haram	2014	Sept	
25	Sandøy	2014	13.10	Mandag 13. oktober kl 12.00 – 17.00
26	Sula	2014	Okt	
27	Giske	2015	Jan	
28	Vanylven	2015	Febr	
29	Sande	2015	03.02	Tirsdag 03. februar – kl 11.00 – 16.00 (?)
30	Herøy	2015	Mars	
31	Stranda	2015	Mars	Bekreftet ok. Dato for møtet fastsettes høsten 2014.
32	Sykkylven	2015	April	Bekreftet ok. Dato for møtet fastsettes høsten 2014.
33	Ulstein	2015	Mai	Bekreftet ok. Dato for møtet fastsettes høsten 2014.
34	Hareid	2015	Mai	Bekreftet ok. Dato for møtet fastsettes høsten 2014.
35	Volda	2015	Juni	Bekreftet ok. Dato for møtet fastsettes høsten 2014.
36	Ørsta	2015	Juni	

Vedlegg2

Oversikt over reguleringsplanar i kommunane i 2013.



Reguleringsplan; kommuneoversikt 2013

Aukra	17
Aure	22
Averøy	4
Eide	12
Fræna	17
Giske	32
Gjemnes	6
Halsa	3
Haram	25
Hareid	11
Herøy	20
Kristiansund	4
Midsund	2
Molde	39
Neset	6
Norddal	7
Rauma	9
Rindal	8
Sande	2
Sandøy	6
Skodje	7
Smøla	2
Stordal	1
Stranda	12
Sula	13
Sunndal	7
Surnadal	17
Sykkylven	5
Tingvoll	12
Ulstein	9
Vanylven	1
Vestnes	7
Volda	12
Ørskog	9
Ørsta	8
Ålesund	36
T.s. alle kom.	471